

Frafjordheiane landskapsvernområde

Forvaltningsplan



Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga 2007

Forsidebilde: Kjerag-platå og ut Lysefjorden, fotograf Kjell Helle Olsen

INNHOLD

Kap. 1	Innleiing.....	5
Kap. 2	Områdebeskriving	7
2.1	Avgrensing	7
2.2	Verneverdiar	7
2.3	Brukinteresser	9
2.3.1	Landbruk/skogbruk	9
2.3.2	Friluftsliv, jakt og fiske	11
2.3.3	Reiseliv og anna ny næring.....	12
2.3.4	Kraftproduksjon og overføring	13
2.3.5	Naturtilstand	13
Kap. 3	Mål og strategiar	15
3.1	Generelle prinsipp for forvaltning av verneområde	15
3.2	Mål og strategiar for forvaltning av Frafjordheiane landskapsvernombrae	16
Kap. 4	Forvaltningsansvar og sakshandsaming	19
4.1	Forvaltningsstyremakt	19
4.2	Sakshandsaming	19
Kap. 5	Soneinndeling av landskapsvernombrae	21
5.1	Sonebeskriving	22
Kap. 6	Retningsliner for brukinteressene	25
6.1	Jordbruk	26
6.2	Skogbruk	29
6.3	Elektrisk kraft – produksjon og overføring	30
6.4	Friluftsliv og tilrettelegging for ferdsle	32
6.5	Motorferdsle	38
6.6	Bygningar, anlegg og faste innretningar	43
6.7	Jakt og fiske	49
6.8	Reiseliv og anna næring	50
Kap. 7	Tiltaksplan	52
7.1	Informasjon	53
7.1.1	Prioritering av informasjonstiltak	55
7.2	Tilrettelegging	57
7.2.1	Prioritering av tilretteleggingstiltak	59
7.3	Skjøtsel	60
7.3.1	Samanfatting og prioritering av skjøtselstiltak	61
7.4	Kulturminne, bygg og andre faste installasjoner	62
7.4.1	Samanfatting og prioritering av kulturminnetiltak	64
7.5	Kommunikasjon med brukargrupper	65
7.5.1	Tiltak for å sikre god kommunikasjon	65
7.6	Forsking og overvaking	66

7.6.1	Prioritering av forsking- og overvakingstiltak	67
7.7	Oppsyn	68
7.8	Finansiering av tiltak	69
Litteraturliste	71	

Vedlegg 1: Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde

Vedlegg 2: Sonekart

Vedlegg 3: Vernekart med tema bygg, turstiar m.m

Vedlegg 4: Informasjonsplakat verneområde

Kapittel 1

Innleiing

Frafjordheiane landskapsvernombjøde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning (DN) vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta (vedlagt). Denne forvaltningsplanen skal gjelde for Frafjordheiane landskapsvernombjøde

Forvaltningsplanen skal vera eit strategisk dokument, retningsgjevande for ei langsiktig og god forvaltning av verneverdiane. Planen skal søkje å klargjere for brukarar og andre interesser i verneområda korleis forvaltningsstyretemakta vil handheve verneforskriftene. Eit viktig mål er å tilpasse handhevinga av regelverket til lokale tilhøve. Vidare skal planen vere ei rettesnor for kva tiltak som skal prioriterast innanfor områda, t.d. informasjon, tilrettelegging og skjøtsel. I tillegg til dette har ein også formulert to andre mål for forvaltninga:

- Vern av Frafjordheiane skal kombinerast med eit berekraftig landbruk
- Forvaltninga skal søke å skape auka aksept for vernet og dempe interessemotsetnadane.

Forvaltningsplanen sin status er rådgjevande og gir ikkje juridiske følgjer utover ramma for verneforskrifta. Planen gjeld frå han er godkjend av DN og inntil vidare. Han bør reviderast etter behov, minimum kvart 10. år.

Korleis har planen blitt til?

Fylkesmannen starta arbeidet med forvaltningsplanen i oktober 2002. Det er fylkesmannen som har hatt ansvaret for planprosessen og utarbeiding av planen. For å sikre ei brei deltaking i prosessen vidareførte ein den rådgjevande prosjektgruppa som var aktive under verneplanarbeidet, samt oppretta kommunevise arbeidsgrupper.

I perioden oktober 2002 til februar 2003 blei det helde tre møter med kvar av arbeidsgruppene i Forsand og Gjesdal, eit med arbeidsgruppa i Sirdal. I tillegg heldt ein eigne møter i prosjektgruppa, og avklaringsmøte med Jæren friluftsråd og med Stavanger Turistforening. Tilrettelegging og bruk av Røssdalen og Kjeragområdet blei drøfta på eige møte med grunneigarar, Forsand kommune, Ryfylke Friluftsråd og Stavanger Turistforening.

Eit grovutkast til plan vart drøfta på eit møte i prosjektgruppa for Frafjordheiane i mai 2003. Deretter blei arbeidet stilt i bero i påvente av det endelige vernevedtaket i Regjeringa.

Fylkesmannen vil nytte høvet til å takke alle dei som har deltatt i prosessen for konstruktivt og nyttig samarbeid.

Høyring og godkjenning av planen

Planen vert sendt på høyring til aktuelle interesser. I forkant av høyringa har planen vore til fagleg gjennomgang i DN. På grunnlag av høyringa vil fylkesmannen vurdere om det er ønskeleg eller naudsynt å gjere endringar. Fylkesmannen oversender deretter sitt

planframlegg til DN for endeleg godkjenning. DN sitt godkenningsvedtak kan påklagast Miljøverndepartementet.

Randsona

Forvaltningsplanen gjeld innanfor vernegrensa. Det vil likevel ha mykje å seie for verneområdet at kvalitetar i tilgrensa areal vert teke vare på, og at tiltak i randsona vert samordna. Det er difor viktig at grunneigarar, kommunar og andre instansar forvaltar dei tilgrensa areala på ein måte som gjer at verneverdiane i verneområdet ikkje vert skadelidande.

Tilhøvet til Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombåde

Frafjordheiane grenser inn mot landskapsvernombådet Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane, som igjen grenser til dei store landskapsvernombåda i Suldal og Hjelmeland. Frå 2005 er det interkommunale styre *Forvalningssekretariatet for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane* derfor utvida med desse to kommunane. Det er eit overordna mål å få til mest mogleg heilsakeleg forvaltningspraksis for desse samanhengande heiområda.



Verneområdet vart ”opna” av statsråd Børge Brende, med ei markering på Jæren Friluftsråd sitt nye anlegg på Mån. Foto: Per Kristian Austbø.

KAPITTEL 2

Områdebeskriving

Ei meir detaljert beskriving av området er å finne i rapporten *Forslag til verneplan for Frafjordheiane*.

2.1 Avgrensing

Landskapsvernområdet omfattar eit areal på 418,6 km² i kommunane Forsand og Gjesdal i Rogaland og Sirdal kommune i Vest-Agder. Området ligg mellom Lysefjorden, Vinddalen, Espedalen, Frafjord, Øvstabødalen og Hunnedalen aust til Valevatn og Storå. Størsteparten er fjellområde, men langs Lysefjorden og Frafjorden er grensa trekt heilt ned til sjøen. Delar av dalbotnen og dalsidene er teke med, men nær område med aktiv landbruksdrift er grensa med nokre få unntak trekt opp på fjellbryna. Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit representativt og vakkert fjord- og fjellandskap med heilskapen i landskapsutforminga frå fjord- og dalsider til høghei og fjell.



2.2 Verneverdiar

Frafjordheiane er eit høgfjellsplatå som er oppdelt i dal- og fjordsystem. Isbreane sitt arbeid og store mengder smeltevatn har avsett lausmassar i form av terrassar, randmorenar, ur og svære blokker. Fleire av dei **geologiske formasjonane** har kvalitetar som i seg sjølv kvalifiserar til vern.

Området gir eit typisk og representativt bilet av **vegetasjonen** i denne delen av landet. Spesielt verneverdig er den vestlege typen av askeskog med alm og lind, den storfrytledominerte bjørkeskogen, og berg, urar og elveleie med oseaniske mosesamfunn. Desse finn ein spesielt fine utformingar av i Røssdalen. Dei tilgrensande områda Migaren og Ørestø i Frafjord er verna som naturreservat fordi dei inneheld rike edellauvskogstypar med stort artsmangfald. I dei områda som har vorte undersøkt er det funne 11 artar som er oppførte i den nasjonale raudlista over truga arter.


Grunneigarane har gjennom uminnelege tider skjøtta området på ein god og berekraftig måte, i første rekke ved omfattande sauebeite, skoghogst, brenning av gras og lyng, og tradisjonelle bygg og anlegg knytt til denne drifta. I stor grad er det derfor tale om eit verdifull **kulturlandskap**, som krev framhald i denne type drift for å ta vare på desse landskapsverdiane.

Villreinen nyttar i første rekke midtre og austre del av Frafjordheiiane som vinterbeite, men bukkar vert ståande i området utover sommaren. Tidvis er det også registrert kalvingsflokkar til dømes ved Blåfjellenden. Villreinen krev samanhengande leveområde der dyra kan trekke mellom ulike sesongbeiter. Rapporten *Innvirkninger av ny turløype mellom Kjerag og Flørli* peiker på Frafjordheiiane som ein ”tange” av Setesdal – Vesthei villreinområde, der barrierar lenger aust (fylkesvegen til Lysebotn, turløyper og hyttebygging) er avgjerande negativt for reinstrekk ut ”tangen” mot vest.

Området utgjer vestre yttergrense for villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiiane, eit heiområde som er definert som ”nasjonalt og europeisk villreinområde” (*NINA Temahefte 27, 2004*). Noreg er det einaste landet i Europa som har intakte høyfjellsøkosystem med bestandar av villrein. Villreinen er i så måte norsk ansvarsart. Dei største utfordringane i dag er knytt til utbygging og aktivitet i randsonane og ferdsel/aktivitet inn i områdene, så også i Frafjordheiiane. For andre viktige villreinområde i landet er det utarbeidd fylkesdelplanar som omfattar heile leveområdet, med mål å gi ein mest mogleg helskapleg arealforvaltning på tvers av kommunegrensene. Røynsle fra slike planar er at dei fungerar godt, men at dei krev eit godt oppfølgingsapparat for skikkeleg nedfelling i kommunale planar og praksis. I *St.meld. nr. 21 (2004-2005): Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*, kap. 11, boks 11.2 vert det synt til dei viktigaste tilrådingane i «Villrein og samfunn»- prosjektet mellom anna:

- Heilskaplege regionale arealplanar (fylkesdelplan eller interkommunal kommunedelplan) for alle villreinområde, på grunnlag av statlege føringar utarbeida i samråd med kommunane. Grunnlag for differensiert arealforvaltning
- Utarbeiding av ein heilskapleg strategi for handtering av menneskelig ferdslie i villreinområde
- Etablering av eit meir heildekande overvakkingssystem
- Utarbeiding av kvalitetskriterier for verdiskaping i fjellområda, som ivaretak omsyn til villreinen og kulturen rundt han.

Registreringar av **invertebratfaunaen** (virvellause dyr som insekt, edderkoppdyr m.m.) har avdekkja eit stort mangfold i enkelte område, ikkje minst i dei områda som er verna som naturreservat (*Nielsen, T. 2000*).



Hubro ungfugl. Foto: Vidar Lunde

Området inneholder relativt store bestandar av truga og sjeldne **rovfuglar** som kongeørn, jaktfalk, vandrefalk, dvergfalk, hubro og kattugle. Det er registrert andre sjeldne og raudlista fuglar som gråspett, dvergspett, kvitryggspett, storlom og smålom.

Lauvskoglier og daud ved med mykje insekt gir igjen grunnlag for eit usedvanleg rikt fugleliv. Komplekset Frafjordvassdraget/ Røssdalen/ Vinddalen/ Espedal utgjer truleg det mest fuglerike området i Ryfylke (og heile Rogaland utanom Jæren), (Roalkvam 1979, Roalkvam 1983, Tysse 2000).

Av pattedyr elles er det elg, hjort, rådyr, bever, rev, mår, mink, røyskatt, snømus, ekorn og hare. I fjordane er det steinkobbe.

Dei to store **vassdraga** innanfor verneområdet, Frafjord- og Espedalvassdraga, vart begge varig verna i 1993. I grunngjevinga for dette vernet vart det m.a. lagt vekt på at områda inneholder mange ulike biotopar, interessant kvartærgeologi og store kulturhistoriske verdiar.

Det er gjort nokre registreringar av automatisk freda **kulturminne** i området. Desse er omtala i verneplanen kap. 2.1.7. Det er og ein del nyare kulturminne, først og fremst knytt til beite- og stølsdrifta. Det går og gamle ferdsselsvegar gjennom området.

2.3 Brukarinteresser

For ei utfyllande beskriving av brukarinteressene vert det synt til kap. 2.2 i *Verneplan for Frafjordheiane*. Under verneplanprosessen vart det utarbeidd fleire rapportar om bruk og verneverdiar. Nedanfor følgjer difor berre korte samandrag.

Det er relativt få konkrete konfliktar i høve til dagens bruk. Verneforskrifta er utarbeidd ut frå målsettinga om at tradisjonell bruk skal kunne halde fram. Nye bruksmåtar kan likevel verta aktuelle. Ressursar som i dag ikkje blir nytta kan i framtida få økonomisk verdi. Vernereglane skal sikra at verneverdiene blir tekne vare på for kommande generasjonar. Lovverket skil ikkje mellom pågående og framtidig bruk. Reglane er likevel ikkje til hinder for ny bruk dersom denne ikkje har negativ innverknad på verneverdiene.

2.3.1 Landbruk/skogbruk

Sjå aktuelle planar, innspel og retningsliner under kap. 6.2. Sjå også kartvedlegg med stølar/hytter i *Verneplan for Frafjordheiane*.

Mesteparten av skogen er ikkje tilgjengeleg med motoriserte kjøretøy og mange av brukna har lettare tilgjengeleg skog andre stader.

Anna landbruksdrift er i hovudsak avgrensa til sauebeite. Tabellen nedanfor syner talet på sau som vart sendt på beite i 2002. Nokre av heiane ligg dels utanfor verneområdet. Det reelle

sauetalet innanfor verneområdet vil difor vera noko lågare enn det som kjem fram av tabellen. Ein har likevel valt å ikkje korrigera for dette, fordi det vil vera lettare å jamstilla utviklinga i beitebruk når ein opererer med eksakte tal. Talet på beitedyr gjekk ned på slutten av 90-talet på grunn av scrapie, men har no kome opp på om lag det same nivået som før nedslakting. Dette varierer likevel noko frå område til område. Til dømes er sauetalet i Espedalsheia og i Brådlandsheia lågare enn før nedslaktinga.



Sau i lyngheibeite. Foto: Per Kristian Austbø

Område / sankelag	Prosent av heirområde som ligg innanfor verneområdet	Tal dyr (sau + lam)
Blåfjell- Jæren smalalag	100	875
Fidjastølen- Jæren smalalag	100	504
Brådland – Jæren smalalag	80	767
Hunnedalen – Jæren smalalag	91	2453
Lyse/Flørli sankelag	58	1805
Ritland – Jæren smalalag	94	344
Espedalsheia sankelag	100	815
Øvre Espedal sankelag	72	1029
Eikeskog og Mån sambeite	100	400
Mellom Frafjord og Espedalen	100	1290
Sum		10282

Tabell 2.1 Tal på beitedyr som vart sendt til heis i 2002

2.3.2 Friluftsliv, jakt og fiske

Sjå aktuelle planar, innspel og retningsliner under kap. 6.4 og 6.7. Sjå også kartvedlegg med stiar, løyper og turisthytter i *Verneplan for Frafjordheiane*.

Stavanger Turistforening

Tabellen under syner Stavanger Turistforening sine tal for overnatting på turisthyttene innanfor verneområdet, i tillegg til hyttene Børstein og Flørli. Om lag 17% av ferdsla på hyttene er i vintersesongen.

Tabell 2.2 Tal på vitjingar på turisthyttene i perioden 1993 – 2003, gjennomsnittstall.

Hytte	Tal på årlege besøk i gjennomsnitt	Overnatningskapasitet
Sandvatn	1416	22 senger pluss stor hems.
Blåfjellenden	1314	16 senger pluss hemsar, pluss lita bod
Langavatn	1004	16 senger pluss hems, 4 senger i bu
Børsteinen (utanfor verneområdet)	477	12 senger pluss hems.
Flørli (utanfor verneområdet)	256	24 senger
Flørlistølen	-	6 senger. Hytta er låst, kan bestillast

Besøkstala for 2003 – 2005 inneber ingen vesentleg endring for nokon av hyttene.

Stavanger Turistforening har starta arbeidet med tilrettelegging og merking av turløypa Lysefjorden rundt, frå Kjerag via Flørlistølen til Vinddalen og/eller Fossmork. Prosjektet er del av ei større satsing på reiseliv i området i regi av Rogaland fylkeskommune. Lysefjorden rundt løypa baserer seg på tradisjonell fotturisme, og ein ventar i første rekke auka ferdslle i området rundt Flørli (rundtur opp Flørlistølen og ned langs turstien i Flørlia).

Stavanger Turistforening har jamlege organiserte fotturar i området. Det normale talet på deltakarar på overnattingsturar er om lag 30 personar. For dagsturar ligg talet på omlag 40.

Jæren Friluftsråd

I 2003 opna Jæren Friluftsråd (JF) det nye anlegget på Månn. Våningshuset er restaurert og det er sett opp eit større tilbygg oppå dei gamle løemurane. Hovudetasjen inneheld oppholds- og overnattingsrom. I kjellaretasjen er det laga ei utstilling med informasjon om verneområdet og kulturlandskapet på Månn. Anlegget har plass til om lag 30 overnattingsgjester, men ein ser føre seg at dagsbesökande vil vera det dominerande. Totalt reknar ein med eit besøkstal på 20-30 000 årleg. Slitasje på stien opp til Månn er i hovudsak utbetra og ferdig i 2005.

Undersøkingar friluftsliv

I ei spørjeundersøking blant friluftsbrukarar hausten 1999 (Grahn, Å. 1999) kom det fram ei rekke interessante svar. Om lag like mange menn som kvinner nyttar heia til fotturar, hovedgruppa er mellom 25 -34 år, og flesteparten er frå området rundt Stavanger. Dei har gode kunnskaper om turløypene i området, og har fått desse kunnskapene frå venner,

Stavanger Turistforening og handbøker. Dei er godt nøgde i høve hovedføremålet med turen, som er å oppleve landskap og utandørslivet. Kunnskaper om flora og fauna har mindre interesse. Av negative tilhøve peiker dei i første rekke på sti-slitasje og for låg overnattingskapasitet på nokre av hyttene (Blåfjellenden). Sjå framlegg til tiltak under kap.6.4 og kap. 7.1 – 7.3.

Sommaren år 2000 gjennomførte fylkesmannen ei sti-kartlegging i verneområdet. Slitasjegrad vart kartlagt og det vart gjort ei vurdering av tilretteleggingsbehov. Kartlegginga syntet størst slitasje og behov for tiltak i følgjande område: Mellom Futasete og Blåfjellenden, mellom Blåfjellenden og Langavatn, mellom Øygardsstølen og Kjerag, i Røssdalen, mellom Eikeskog og Mån og langs stien opp frå Flørli.

I år 2000 gjennomførte fylkesmannen også ei spørjeundersøking blant hytteigarane i Øvstabødalen og Hunnedalen om bruk og ønskjer i høve til tilrettelegging. Det kom klart fram at mange ønskjer merka løyper, men dei fleste var nøgde med den tilrettelegginga og informasjon som alt er i området.

Jakt og fiske

Innanfor verneområdet vert det jakta på rype, villrein, hjort, elg og rådyr. Frafjordheiane utgjer yttergrensa til leveområdet for villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane. I tidlegare tider var landskapet like aust for vernegrensa sjølve ”kjøtstampen” for folk i området. Fleire vald ligg heilt eller delvis innanfor verneområdet. I 2003 vart det gitt fellingsløyve til omlag 60 dyr på desse valda. Fleire av valda inngår i samjaktavtalar, slik at ein del av dyra vert felt i andre område. Fellingsprosenten for heile villreinområdet ligg på 25-30 %, men er lågare i dette området. I dei lågareliggjande områda vert det jakta på hjortevilt. Dei siste åra har det vore gjeve fellingsløyve til knapt 10 elg og hjort. Det er ryper i det meste av området. I høgheia lengst aust dominerer fjellrypa. Det vert ikkje ført jaktstatistikk for dette området, ein har difor ikkje eksakte tal for kor stort jaktutbyttet er, men rype og villreinjaka har størst verdi. Grunneigarane jaktar sjølve, men det vert og seld jaktkort. M.a. leigar Rogaland Jeger- og Fiskeforening jaktrettane på Rogaland fylkeskommune sin eigedom ved Valevatn.

I Mån og Fidjadalføret er det fisk opp til og med Fidjavatn. I området mellom Frafjord og Espedalen er det fisk i mange av vatna. Det er også fisk i Røssdalen og Indredalen. I Brådlandsdalen og områda lenger aust er det stort sett ikkje fisk, men fisk er sett ut i Midstølvatnet, og i Urdalen har fisk overlevd frå gamalt av. Grunneigarane i Frafjord og Øvre Espedal sel fiskekort. På Mån er det fritt fiske. Det føreligg ikkje tal som angir verdien av fiske i området.

2.3.3 Reiseliv og anna ny næring

Undersøkingar tyder på at interessa for natur- og kulturopplevelingar, ikkje minst i fjell- og fjordlandskapet, er hovudgrunnen til at turistar kjem til Noreg. Korte fotturar er den dominante aktiviteten for turistane, som samstundes legg avgjerande vekt på ”vakre landskap” og ”intakte omgivelsar”. Det er derfor ei stor utfordring å få til auka verdiskaping knytt til reiseliv, utan samstundes bit for bit å forringa dei verdiane næringspotensialet bygg på. Dette krev ikkje minst samordna arealforvaltning og satsing.

”Reiselivsprosjektet Lysefjorden” er drive i eit samarbeid mellom Rogaland fylkeskommune, Stavanger Turistforening, Forsand kommune, grunneigarar, reiselivsbedrifter og andre aktørar. Målsettinga er å etablera nye arbeidsplassar i tilknyting til reiseliv rundt fjorden. Det er mellom anna eit mål å utvikla overnattingstilbod for å få ei betre utnytting av dei eksisterande bygga i området. Flørliområdet står sentralt i satsinga og her vil ein utvikla tilbod basert på natur- og kulturopplevingar. Stavanger Turistforening har teke ansvar for å merka turløypa *Lysefjorden rundt*, for å endre/knyte sammen til meir føremålstenleg rutenett og utvikle overnattingstilbod langs ruta på begge sider av Lysefjorden. Preikestolen og Kjeragbolten inngår i denne løypa, og som ein del av det nasjonale turstirutenettet.

Ein ser eit aukande press/etterspurnad etter bruk av helikopter langs Lysefjorden generelt, og ikkje minst i Kjerag-området; både til frakt av turfolk, basehopparar og i samband med filming for marknadsføring av området.

2.3.4 Kraftproduksjon og overføring

Mindre reguleringasanlegg, bygningar og installasjonar knytt til Flørli-, Tjodan-, og Sira-Kvina-reguleringane ligg innanfor verneområdet. To kraftliner, Lyse-Stokkeland og Lyse-Tonstad går gjennom verneområdet. Drifta krev omfattande motorisert ferdsle i verneområdet, jfr.. kap. 6.3 og 6.5.

2.3.5 Naturtilstand

Vasskvalitet

Fylkesmannen i Rogaland henta i 2002 inn vassprøver frå omlag 400 lokalitetar i fylket. Av desse vart det henta prøver frå 15 vatn innanfor verneområdet. Prøvane vart analysert mot pH, leiingsvene, fargetal og kalsiumminnhald. Undersøkinga synte pH verdiar mellom 5 og 6 for alle dei undersøkte vatna. Analyseresultata er samanlikna med fleire tidlegare undersøkingar. Forsuringssituasjonen har betra seg sidan midten på 80-talet. For meir informasjon om undersøkinga, sjå www.miljostatus.no/Rogaland under Vatn og Nøkkeltal - pH-kart.

Det foregår omfattande kalking av vatn i områda (sidan tidleg 1990-talet), konsentrert til vatn rundt Brådlandsvatnet – Kvernavassheia i sør, og Øyavatnet til Vassleia i nordvest. Kalkmengda er redusert seinare år pga betre pH.

Botaniske undersøkingar

Ein del lokalitetar i området vart undersøkt i høve til kryptogamfloraen (sopp, lav og mose) (Johnsen, J. I., 2000). Undersøkinga avdekkja nokre spesielt rike område og interessante observasjonar av sjeldne og truga arter (raudlisteartar). Desse, saman med fugl, insekter og invertebrater var viktige for fredningsgrunnlaget av naturreservata Migaren og Ørestø.

Insekta og andre invertebrater

I år 2000 vart det gjort undersøkingar av invertebratfaunaen (virvellause dyr som t.d. insekt og edderkoppdyr) i området (Nielsen, T.R, 2000). Undersøkingane synte at dalføra Frafjord og Espedal hadde eit stort mangfold innanfor dei undersøkte gruppene. Nielsen fann fleire sjeldne og interessante artar, mellom anna ein raudlisteart.

Sjå bilete på <http://www.toyen.uio.no/norlep/> ”Faktaark” og ”Velg art”.



Larve av nattpåfuglauge skal bli til den vakre nattpåfugl-svermaren . Foto: Per Kristian Austbø



Purpurmose, ein typisk og sjeldsynt oseanisk art. Foto: Audun Steinnes

Fugl

Ei utgreiing om bestandane av rovfugl og lom i Frafjordheiane (Tysse,T., 2000) vart utarbeidd i år 2000. Rapporten syner at Frafjordheiane har relativt store bestandar av truga og sjeldne artar (raudlisteartar).

Flyfotografering

I ein tidleg fase av verneplanprosessen vart det teke ein del flyfoto av verneområdet, i hovudsak frå dei lågastliggjande områda og grenseområda. Desse biletene vil kunne nyttast for å overvaka til dømes attgroingsprosessen.



Spettmeisen, ein vakker fugl i lauvskogsområda. Foto: Arvid Tjøstheim

Kapittel 3

Mål og strategiar

3.1 Generelle prinsipp for forvaltning av verneområde

Naturvernområda i Noreg er oppretta for å ta vare på naturverdiar som landskap og artsrikdom, men også opplevings- og kunnskapsressurs. I mange verneområde vil det ofte vera sterke ønskjer frå ulike brukargrupper om å få dispensasjon til aktivitetar og inngrep. Det gjer det naudsynt med nokre generelle prinsipp som gjer det lettare å sjå det overordna perspektivet i den daglege forvaltninga av verneområdet.

Forvaltninga av verneområdet skal ha eit langsiktig, berekraftig perspektiv slik at verneverdiane vert oppretthaldne og står fram som minst like verdifulle for dei generasjonane som kjem etter oss.

- Naturvernområda skal forvaltast med utgangspunkt i at natur har eigenverdi, som mennesket har eit moralisk og etisk ansvar for å bevara. Sjølv om verneområda skal brukast, må ein unngå menneskeleg bruk som reduserer det biologiske mangfaldet direkte eller indirekte. I landskapsvernområde vil kulturminne og spor etter tradisjonell bruk ha tilsvarende stor verdi.
- Føre-var prinsippet skal leggjast til grunn for forvaltninga. Det inneber at dersom ein er i tvil om kva konsekvensar eit tiltak kan få for miljøet og landskapet, skal tvilen koma miljøet til gode. Dei som ønskjer å gjennomføra eit tiltak må kunne dokumentera at tiltaket ikkje har negativ verknad på verneverdiane. Det skal leggjast inn ein tryggleiksmargin i vurderingane.
- Ein skal unngå bit for bit utnytting av området. Med det meiner ein mindre inngrep som i seg sjølv kan verka bagatellmessige, men som i sum og over tid vil ha negativ innverknad på verneverdiane.
- Det skal leggjast vekt på lokale interesser og ønskjer frå grunneigarar og kommunane. Likeeins skal ein i størst mogleg grad kanalisera midlar og praktisk tilsyn gjennom lokale samarbeidsaktørar.
- Verneverdiane er ikkje likt fordelt over heile verneområdet. Ein vil difor leggja opp til ei differensiert forvaltning (jf. soneinndelinga), med strengare handheving av regelverket i sårbare og villmarksprega område.

3.2 Mål og strategiar for forvaltninga av Frafjordheiane landskapsvernområde

Føremålet med vern av Frafjordheiane er gitt i § 2 i verneforskrifta.

Nedanfor er dei einskilde delmåla i verneforskrifta lista opp saman med dei tilhøyrande strategiar forvaltningsstyretemakta skal nytte for å nå måla.

Mål	”Å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheier opp til glattskurt høgfjell.”
Strategiar	Differensiert soneforvaltning med restriktiv dispensasjonspraksis i inngrepsfrie naturområde og villmarksprega natur, meir fleksibelt i utprega brukslandskap.
	Stilla klare vilkår til gjennomføring og avbøtande tiltak for eventuelle inngrep.
	I størst mogeleg grad unngå tilrettelegging og anlegg i villmarksprega område.

Mål	”Å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.”
Strategiar	Unngå unødig forstyrring gjennom kanalisering av alle typar ferdsle, tiltak og aktivitetar utanom område som er viktige for sårbare artar.
	Bidra til ei heilskapleg forvaltning av leveområda til villreinstamma i Setesdal-Vesthei-Ryfylkeheiane. Aktiv kanalisering for minst mogleg forstyrring i sentralområdet mot aust.
	Systematisk overvaking av naturtilstand og bestandsutvikling for spesielt sårbare artar/raudlisteartar.
	Medverke til forsking som kan gi meir kunnskap om forvaltning av fisk, dyre- og fugleliv.
	Samla kunnskap om kulturminne/kulturlandskap og vurdera behovet for tiltak som registreringar, overvaking og skjøtsel. Prioritera område for skjøtsel og stimulera til ordningar som fremmer beiting og bruk/vedlikehald av kulturlandskap, stølsområde og kulturminne.
	Gje klare retningslinjer for endring av gamle bygg, og krav om at nye bygg vert tilpassa eksisterande bygg.


Mål	"Å ta vare på ein særmerkt alm-/lindeskog med stor variasjon, storfrytledominert bjørkeskog, frisk fattigeng, nordvendte berg og urar, og elvar og flaumelvfar med oseaniske mosesamfunn i Røssdalen."
Strategiar	Hogst av anna skog enn gran i Røssdalen skal berre skje i medhald av plan godkjend av forvaltningsstyresmakta. Planar for hogst i Røssdalen skal byggja på "Levende Skog" sine standardar for hogst
	Informasjons- og tilretteleggingstiltak som kan avgrense skader på skog og plantesamfunn i samband med friluftsbruk i dalen.

Mål	"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging."
Strategiar	Tilrettelegga og stimulera til enkelt friluftsliv på ein måte som ikkje kjem i konflikt med viktige verneverdiar og andre bruksinteresser.
	Tilrettelegging for friluftsliv skal vere enkel og naturvennleg. Ein skal unngå former for tilrettelegging som fører til uheldig belastning på naturmiljøet på kort og lang sikt.
	Setja inn naudsynte tiltak i høve til konfliktar med andre bruksformer, slitasje, kanalisering og behov for opprydding.
	Overvake og ha oversyn over motorisert ferdslle.
	Informera om natur, kultur og verneverdiar for å stimulera til bruk av området og freista å skapa positive haldningar i bruken av naturen.

I tillegg skal forvaltningsstyresmakta arbeide etter to andre mål:

Mål	Vern av Frafjordheiane skal kunne kombinerast med berekraftig landbruk og ny småskala næringsutvikling.
Strategiar	Medverke til utvikling av natur- og kulturbasert næring, når det kan sameinast med verneføremålet. Foredla vernekvalitetane ved hjelp av lokale entrepenørar. Forsatt husdyrbeiting for å ta vare på beite- og stølslandskap

Mål	Forvaltninga skal søke å skape auka aksept for vernet og dempe interessemotsetnader.
Strategiar	Leggja vekt på god og løysningsorientert dialog og samarbeid med grunneigarar, friluftsinteresser og andre viktige bruksinteresser. Informasjon om natur, kultur og verneverdiar for å auka opplevingsverdien og gje positive haldningar i høve til omgang med natur. Leggja opp til møtestader/synfaringar mellom interessegruppene og forvaltningsstyrestrukta. I størst mogleg grad nytta lokale ressursar og kanalisera forvaltingstiltak/midlar gjennom lokale/regionale aktørar.



Morenar ved Spekeryggen syner isrand-trinna. Mot Skåpnuten. Foto: Kjell Helle Olsen

Kapittel 4

Forvaltningsansvar og sakshandsaming

4.1 Forvaltningsstyresmakt

I brev av 16.02.2005 frå Direktoratet for naturforvaltning vart forvaltningsmynde for Frafjordheiane frå og med 01.05.2005 delegert til kommunane Forsand, Gjesdal (i tillegg naturreservata Migaren og Ørestø) og Sirdal. Samstundes vart det gitt ei rekke konkrete føresetnader og oppgåver knytt til overføringa, mellom anna:

- Forvaltning i samsvar med verneføremål og statleg retningsliner.
- Mynde kan ikkje overførast/delegerast til andre institusjonar.
- Kommunen skal ha naudsynt kompetanse og kapasitet, men kan rádføre seg og søke om midlar frå fylkesmannen.
- Aktuelle arbeidsoppgåver er utøving av mynde etter verneforskrifta, herunder oppfølging av lovbroter, skjøtsel og tilrettelegging, dispensasjonshandsaming, merking og informasjon. Forvaltningsstyresmakta skal syte for oppsyn etter avtale med Statens Naturopsyn, som står for den praktiske gjennomføringa.

Kopi av alle vedtak skal sendast FM og DN. DN skal handsama klager på vedtak fatta av kommunen som forvaltningsstyresmakt. I saker der kommunen sjølv er søker/tiltakshavar skal FM handsama saka som førsteinstans.

Rådgjevande utval (tilsynsutval)

I §7 i verneforskrifta heiter det: *Det kan opprettaast eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernombordet.*

Eit slikt "Tilsynsutval for Frafjordheiane landskapsvernombord" vart etablert i møte den 24.10.2005, og skal ha ein rådgjevande og orienterande funksjon, utan vedtaksmynde. Medlemmer vert kommunane, bondelag, Jæren friluftsråd, Stavanger Turistforening, grunneigarrepresentantar, Statens Naturopsyn (observatør), og Fylkesmannen i Rogaland (observatør). Sekretariatet går på rundgang mellom kommunane (Forsand fyrst), to år om gangen. Utvalet vert leia av ordføraren i aktuell sekretariatkommune.

4.2 Sakshandsaming

Retningsliner for forvaltning av verneforskrifter er fastsett i rundskrivet *Direktoratet for naturforvaltning, november 2001: Naturvernloven - Forvaltning av verneforskrifter* (sjå internetsidene <http://www.naturforvaltning.no/archive/attachments/01/23/Kap014.pdf>).

I verneforskrifta § 3 pkt.. 1.3 heiter det: ”Forvalningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til...”. Løyve er her å forstå som spesifisert dispensasjon der forvalningsstyresmakta har rett og plikt til å gjere eit konkret skjønn i kvar einskild sak om det skal gis dispensasjon eller ikkje.

Sakshandsaming etter naturvernlova skal normalt vere strengare enn etter anna lovverk, til dømes PBL, og innebere mindre rom for skjønn.

Tilhøvet til grunneigarar, andre rettshavarar og anna lovverk

Grunneigarane beheld eigedomsretten og vernet endrar ikkje grunneigar sine rettar og plikter som følgjer av anna lovverk. Grunneigar har t.d. framleis rett til å nekta motorferdsle eller andre tiltak på sin eigedom.

Anna regelverk enn naturvernlova gjeld i tillegg til verneforskriftene. Ein søknad om t.d. bygg må handsamast både etter plan og bygningslova og etter naturvernlova. Forskrifter gitt med heimel i naturvernlova vil normalt gå føre andre lovar eller forskrifter dersom det er motstrid mellom ulike lovverk. Det vil difor ofte vere naturleg at forvalningsstyresmakta handsamar ein søknad om dispensasjon etter naturvernlova før saka vert handsama etter anna lovverk.

Rutinar for sakshandtering

1. Søknad om tiltak/dispensasjon skal sendast til den aktuelle kommunen. Søkar skal dokumentere og grunngje søknad i tilstrekkeleg grad, evt. etter samråd edm kommune. I dispensasjonssaker der kommunen er søker/tiltakshavar, skal FM handsama saka som førsteinstans.
2. Kommunen førebur og evt. samordnar saka i høve kommunalt nettverk, om naudsynt med varsla synfaring. Prinsipielle saker skal drøftast i det rådgivande utvalet (tilsynsutvalet).
3. Kommunen vurderer saka i høve verneføresegnsene (strid med verneføremålet, spesifikt forbod, dispensasjonsheimel). Ved tvil om strid i høve verneføremål skal uttale innhentast hjå FM.
4. Fullført sakshandsaming skal innebere følgjande (ikkje uttømmande, jfr. Forvalningshandboka og Forvalningslova):
 - Vedtaket skal fullt og heilt klargjere spesifikk heimelsgrunnlag i forskrifa, og vere ”sjølberande” (alleine henvising til liknande vedtak er ikkje tilstrekkeleg).
 - Som hovudregel skal det nyttast klare vilkår for å ivareta verneføremålet i samband med dispensasjonar.
 - Vedtaket skal normalt vere skriftleg, grunngjeve og vise til dei faktiske tilhøve som vedtaket bygger på, samt grunnlagsdokumentasjon.
 - Det skal orienterast om klagerett, naudsynt tilleggshandsaming etter anna lovverk, og evt. naudsynt løyve frå grunneigar/rettshavar.
 - Kommunen sender kopi av alle vedtak til part, kommunenettverk, tilsynsutvalsmedlemmer og SNO. Kopi av dispensasjonar skal også sendast FM og DN.
5. Klage på vedtak: Forvalningslova § 28 gjer greie for kven eller kva organ som har klagerett. Klagefristen er normalt 3 veker frå mottatt vedtak. Ei klage skal rettast til DN som klagehandsamar, men sendast om den kommunen som har fatta vedtaket. Klagevedtak i DN er endeleg.

Fleirårige dispensasjonar

Dispensasjonar som vert gitt for fleire år vil lette forvalningsstyresmakta og brukarane sitt arbeid. Dette vil berre vera aktuelt for personar/verksemder/arrangement som har gjentakande og konkrete behov. Mest aktuelt vil dette vera for motorisert transport. Slike dispensasjonar bør avgrensast til eit visst tal år. Forvalningsstyresmakta har rett til å trekke dispensasjonen tilbake dersom det aktuelle tiltaket/aktivitetten ikkje vert utført i samsvar med vilkår i dispensasjonen.

Bruk av vilkår i samband med dispensasjon

Det skal normalt nyttast vilkår for å ta vare på naturmiljøet i samband med dispensasjonssaker i verneområdet. Døme på vilkår kan vera at løyve til motorferdsle vert avgrensa til kjøring på snødekt mark eller for eit bestemt tidsrom eller at ein i samband med fleirårige løyver til motorferdsle stiller vilkår om loggføring og årleg rapportering av den motoriserte ferdsla.

Brot på verneforskrifta

Brot på vernereglar skal takast alvorleg. Forvalningsstyresmakta skal syta for at brot vert meldt til politiet. Saker skal meldast uavhengig av om det er privatpersonar, grunneigarar, organisasjonar, kommunar eller offentlege etatar som har brote regelverket. Statens Naturoppsyn vil ha eit sentralt ansvar for å avdekka og dokumentere straffbare forhold.

Kapittel 5

Soneinndeling av landskapsvernområdet

Variasjonen i bruk og naturverdiar skapar behov for lokalt tilpassa, såkalla differensiert forvalningspraksis. Soneinndelinga er eit av verkemidla for å få til eit slikt ”skreddarsydd” forvalningsregime. Dette vil kunne lette skjønnsutøvinga ved til dømes dispensasjonshandsaming og prioritering av innsats for skjøtsel og tilrettelegging.

Ei soneinndeling av verneområdet er såleis også eit reiskap for variert tilrettelegging for friluftsliv, næringsutvikling og anna bruk tilpassa føremålet med vernet. Sonering av verneområdet kan og gjere det lettare å unngå forstyrring av sårbare artar gjennom ei bevisst styring av ferdsle, nye tiltak og aktivitetar. Frafjordheiane er delt inn i tre forvaltingssoner, sjå kart som vedlegg 2:

- Sone 1: Spesielt store verneverdiar
- Sone 2: Brukssone
- Sone 3: Spesiell tilrettelegging og tiltak

Ved ei slik differensiert forvaltning gjennom sonar kan ein til dømes tenkje noko meir fleksibel dispensasjonspraksis i høve landbrukstiltak innanfor sone 2 eller 3, men at dette vil vera meir konfliktfylt i sone 1. Tilrettelegging for ferdsla vil tilsvarende vera meir aktuelt innanfor sone 3 der ferdsla allereie er stor, i motsetnad til sone 1-areal med truga fugleartar. Ein legg likevel opp til at tradisjonell landbruksdrift, vedlikehald av bygningar, og friluftsliv skal kunne skje i alle sonene innanfor det rommet vernereglane tillet.

5.1 Sonebeskriving


Sone 1 Spesielt store verneverdiar	
Kriterium	
Områdebeskriving	<ul style="list-style-type: none"> • Villmarkspreg (fråver av vesentlege inngrep) • Spesielt stor variasjon av naturtypar og arts mangfald • Stor biologisk produksjon • Spesielt verdifulle landskap
Forvaltningsstrategi	<ul style="list-style-type: none"> • Sona omfattar Fidjadalen, Røssdalen, Brådlandsdalen, eit område ved Frafjordhatten, samt Kjeragplatået. Mindre delar av dei to førstnemnde områda er plassert i sone 3 pga større landbruksinteresser. • Frafjordhatten, Brådlandsdalen, Fidjadalen, Røssdalen og Indredalen står fram som noko av det mest villmarksprega innanfor verneområdet. Områda skil seg og ut med spesielt stort mangfald og variasjon i høve til vassdrag, planter, dyr og geologiske element, og ved å ha større biologisk produksjon enn høgareliggjande område. • Området ved Kjerag er plassert i sone 1 fordi det er eit spesielt verdifullt landskap. • I Brådlandsdalen og Fidjadalen ligg det einskilde stølsbygg og anlegg.
	<ul style="list-style-type: none"> • Naturvernomsyn skal vera overordna andre interesser. Områda skal bevarast som område der ein gjennom enkelt friluftsliv kan oppleva urørt natur. • Streng praksis i høve til alle former for inngrep og aktivitetar. Naturen sine eigne prosesser skal i så stor grad som råd halda fram utan menneskeleg påverknad utover den som følgjer av beite og enkelt friluftsliv. Vedlikehald av bygg og anlegg kan halde fram etter vernereglane. • I utgangspunktet ikkje ny tilrettelegging for friluftsliv. Slik tilrettelegging kan berre godkjennast dersom det er naudsynt for å avgrense slitasje på naturen, eller for å unngå mogleg fare. • Kjerag kan framleis ha fokus som høgaktivitetsområde for friluftsliv og reiseliv, utan vesentleg tilrettelegging.



Frafjordhatten (øvst i bilde) og nærmeste areal i sone 1. Anna areal med lysthei og skog, Stølsvatnet (nedst bilde) og Fornastølsvatnet ligg i sone 2. Foto: Norsk Fly og flyfoto AS

Sone 2 Brukssone	
Kriterium	<ul style="list-style-type: none"> • Område som i avgrensa grad er merka av menneskeleg bruk (med unntak av beite) og der ein det meste av året ikkje forventar intensivt skogbruk og friluftsliv. • Område med store landskaps- og verneverdiar i kombinasjon med store brukarinteresser.
Områdebeskripling	<ul style="list-style-type: none"> • Sona er prega av låg inngrepsgrad, men med hytter, driftevegar, beiteområde, stølsmiljø, turisthytter, viktige friluftsområde, merka løyper, større område med skogsmark og mindre installasjonar knytt til kraftutbygging. • Inneheld område som er viktige for sårbarer artar, t.d. hekkeområde for raudlisteartar og trekk- og beiteområde for villrein (austre delar). • Landskapsrommet rundt Frafjordhatten, Norddalen, nedre delar av Brådlandsdalen og fjordsida i Frafjord skil seg ut med spesielt store natur- og opplevingsverdiar, verdifulle stølslandskap og kulturminne etter tradisjonell bruk.
Forvaltningsstrategi	<ul style="list-style-type: none"> • Ein skal behalde den låge graden av inngrep samstundes som ein ivaretak omsynet til fortsatt tradisjonell bruk av området gjennom grundig behovsvurdering av søknader knytt til vidare bruk. • Nye former for bruk som ikkje er i strid med verneføremålet kan tillatast. • Forsatt husdyrbeite og skjøtsel for å bevare beite- og stølslandskapa, og tilpassa lokal byggjeskikk. • Omsynet til sårbarer naturverdiar og friluftsinteresser er overordna. Spesiell fokus på villrein, med aktiv skjerming og restaurering av leveområde/austleg korridor.

Sone 3 - Spesiell tilrettelegging og tiltak	
Kriterium	<ul style="list-style-type: none"> • Områda er intensivt nytta til friluftsliv • Det er ofte aktive brukarinteresser knytt til fleirsidig landbruk • Det finnes viktige døme på lokal byggjeskikk • Verdifulle kulturlandskap
Områdebeskrivning	<ul style="list-style-type: none"> • Sona omfattar dei nedste delane av Røssdalen og Fidjadalen, området rundt stien frå Futasete til Blåfjellenden, stien frå Øygardstølen <u>til</u> Kjeragplataet og Øvre Espedalsstølen. • Dei fire førstnemnde områda er prega av å vera intensivt nytta til friluftsliv. Måan, ytre delar av Røssdalen og Øvre Espedalsstølen har spesielle verdiar knytt til landbruk/kulturlandskap og/eller bygningsmiljø.
Forvalningsstrategi	<ul style="list-style-type: none"> • Tiltak i samband med næringsutvikling/landbruksdrift vil kunne lokaliserast til denne sona dersom det ikkje stirr mot verneføremålet og kjem i klar konflikt med opplevingsverdiane. • Ein ynskjer å leggje til rette for at områda fortsatt kan verte intensivt nytta til friluftsliv, men ikkje slik at det kjem i konflikt med naturgrunnlaget. Ein vil difor kunne tillate noko tyngre tilrettelegging for friluftsliv i denne sona. • Ein vil oppmuntre til og gi løyve til tiltak som kan førebyggje konflikt mellom til dømes landbruk og friluftsliv • Stimulera til at kulturlandskapa vert tradisjonelt skjøtta/vidareutvikla.



Mån (før nybygg) ligg i sone 3 – Brukssone inn til steinura. Vidare innover dalen i Sone 1 til Blåfjellenden.
Foto: Per Kristian Austbø

Kapittel 6

Retningsliner for brukarinteressene

I dette kapitlet vert det lagt hovudvekt på dei tema som har vore mest aktuelle under arbeidet med verneplanen og denne forvaltningsplanen. Det er viktig å understreka at dette kun er retningsliner for forvaltningsstyretema si handsaming av einskildsaker. Retningslinene kan ikkje tolkast som vedtak i konkrete saker. Sjå elles meir konkrete føringar og rutinar for sakshandsaming og klagehandtering i kap. 4.2.

Rundskrivet *Direktoratet for naturforvaltning, november 2001: Naturvernloven - Forvaltning av verneforskrifter* vil vere bindande for forvaltningsstyretema si skjønnsutøving. Likeeins er det i Miljøverndepartementet sitt framlegg til vernevedtak gitt ein del konkrete føringar for tolkninga av verneforskrifta. Desse dokumenta er lagt til grunn i retningslinene som følgjer.

Verneforskrift og vernereglar

Verneforskrifta er eit juridisk dokument som regulerer tilhøve til anna regelverk og sett fast kva råderettsavgrensingar som gjeld for brukarar av området. Forskrifta er systematisk bygd opp med påfølgjande forbod, unntak frå forbod og dispensasjonshøve: Etter innleiande reglar (§ 1 og § 2) om avgrensing og verneføremål følgjer reglane i §3 som først gjer greie for generelle forbod (pkt.. 1.1) mot alle inngrep/tiltak som kan skade verneområdet på kort og lang sikt.

Deretter (pkt.. 1.2) følgjer nokre generelle unntak frå forboda, for aktivitet som utan vidare kan gjennomførast/vidareførast.

I pkt.. 1.3 følgjer så ei rekke konkrete punkt som opnar for høve til å søke dispensasjon (spesifiserte dispensasjonsreglar), medan § 4 inneholder generelle dispensasjonsreglar. Tilsvarande er det meir spesielle reglar knytt til tema som planteliv, dyreliv og ferdslsle.

Det er derfor viktig å forstå forskrifta og oppbygginga av reglane i ein slik systematisk 3-delt samanheng når ein vurderer ei bruksinteresse. Dette systemet er tematisk fulgt i innleiande tekstboksar under kvart delkapittel nedanfor.

Tilhøvet til grunneigarar, andre rettshavarar og anna lovverk

Grunneigarane beheld eigdomsretten og vernet endrar ikkje grunneigar sine rettar og plikter som følgjer av anna lovverk. Grunneigar har t.d. framleis rett til å nekta motorferdsle eller andre tiltak på sin eigedom.

Anna regelverk enn naturvernlova gjeld i tillegg til verneforskriftene. Ein søknad om t.d. bygg må handsamast både etter plan og bygningslova og etter naturvernlova. Forskrifter gitt med heimel i naturvernlova vil normalt gå føre andre lovar eller forskrifter dersom det er motstrid mellom ulike lovverk. Det vil difor ofte vere naturleg at forvalningsstyresmakta handsamar ein søknad om dispensasjon før saka vert handsama etter anna lovverk.

Fylkeskonservatoren ved fylkeskommunane vil ha ei sentrale rolle som styresmakt etter Lov om kulturminner. Alle tiltak og sakshandsaming som kan ha følgjer for kulturminne skal også handsamast av (eller samordnast med) denne etaten.

Fleirårige dispensasjonar

Dispensasjonar som vert gitt for fleire år vil lette forvalningsstyresmakta og brukarane sitt arbeid. Dette vil berre vera aktuelt for personar/verksemder som har gjentakande og konkrete behov. Mest aktuelt vil dette vera for motorisert transport. Slike dispensasjonar bør avgrensast til eit visst tal år (t.d. 3- 5 år). Forvalningsstyresmakta har rett til å trekke dispensasjonen tilbake dersom det aktuelle tiltaket/aktiviteten ikkje vert utført i samsvar med innhaldet i dispensasjonen.

Det som står i tekstboksane nedanfor er teke frå verneforskrifta (sjå vedlegg), tala i parentes syner til dei aktuelle reglane i denne forskriftena.

6.1 Jordbruk

Verneforskrifta sett forbod mot: Drenering og anna form for tørrlegging, graving og påfylling av masse, bakkeplanering, sprenging og boring, fjerning av større steinar og blokker, gjødsling, sprøyting med kjemiske midlar, nydyrkning, planting og såing (§ 3 pkt.. 1.1).

Innføring av nye planteartar (§ 3 pkt.. 2.1).

Verneforskrifta er ikkje til hinder for: Landbruksdrift, som støling, stenging og opning av skårfeste, anlegg og vedlikehald av gjerde og kve og liknande som er naudsynt for fedrifta. Drift og vedlikehald av jordbruksareal (§ 3 pkt.. 1.2 a og b).

Beite er tillate. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift regulera beiting som skader landskapet sin art og karakter (§3 pkt.. 2.2).

For motorferdsle i samband med jordbruksdrift sjå kap. 6.5. For bygg og vegar i samband med jordbruksdrift sjå kap. 6.6.

Husdyrbeite

Beite er tillate og vil generelt vera ein føremon for å behalda dei opne beite- og slåttelandskapa. Helst bør det stimulerast til meir beite i tilgroande lågheier og stølsområde, og mindre i reinsbeite-område i høgheia, jfr.. kap. 7.3 og 7.8. Uheldig beiting som går utover verneverdiane, t.d. overbeite, vil kunne regulerast av Direktoratet for naturforvaltning. Dette er ikkje ei aktuell problemstilling i dag, men dersom det skulle verte behov for å nytte regelen vil dette krevje ei offentleg høyring i forkant.

Det er tillate med gjerde, sankekve og utbetring av skårfeste som er naudsynt i samband med beitebruk. Likeeins skal ein vere fleksibel i høve utbetringstiltak av stiar, bruer, bekke-krysningar og anna som vanskeleggjer dyrehald. Døme på dette er stien frå Hunnedalen til Blåfjellenden, utbetring av bru i Brådlandsdalen, og sti ved Månavatnet. Sprenging av skårfeste må avklarast med forvalningsstyresmakta på førehand. Anna form for stenging eller opning av skårfeste kan gjennomførast utan vidare.



Sauen set preg på mykje av verneområdet. Foto: Per Terje Haaland

Innmark og kultivering av beite

Med innmark meiner ein her eksisterande gjødsla beite og dyrka mark. På vernetidspunktet var det ikkje innmark innanfor verneområdet. Etablering av innmark kjem i strid med føremålet med vernet fordi det endrar landskapet sin art og karakter og fordi livstilhøva for planter og dyr vert endra. Areal som tidlegare har vore slått vert ikkje rekna som innmark. I forskrift om nydyrkning vert gjenoppdyrkning av areal som har lege unytta i meir enn 30 år rekna som nydyrkning. Det er ikkje spesifisert heimel i forskriften til å gje dispensasjon til gjødsling, sprøyting, jordbearbeiding, såing og kultivering.

Fjerning av stein

Regelverket set forbod mot fjerning av stein dersom dette endrar landskapskvaliteten vesentleg, t.d. flytting av stor stein, regelmessig uttak av stein, rydding av beite og fjerning av markante steinar (jf. § 3 pkt.. 1.1). Regelverket er ikkje til hinder for flytting av mindre stein og rydding av stein som har falle ned på vollar, vegar m.m. Heller ikkje å ta med mindre handstein som turminne.

Gjerde

Gjerde i området kan vere naudsynt i høve til beiting. Det kan og vera eit nyttig tiltak for å halda beitedyra i område der ein ønskjer å bevara kulturlandskapet eller for å halda beitedyr vekke frå spesielt sårbare område. Regelverket er ikkje til hinder for oppsetting og vedlikehald av gjerde (jf. § 3, pkt.. 1.2 a). Denne opninga i regelverket gjeld gjerde for fedrift. Regelverket opnar ikkje for oppsetting av gjerde til andre føremål. I tilfelle konflikt mellom husdyrhald og andre bruksinteresser vil forvalningsstyresmakta vurdere oppsetting av gjerde saman med andre kanaliseringstiltak. Nye gjerde må ikkje setjast opp slik at dei stengjer for vanleg ferdsel. Der gjerde kryssar etablerte ferdelsvegar skal det nyttast gjerdeklyvar eller tilsvarende løysingar.

Brenning

Brenning av lyng- og trevegetasjon blir framleis praktisert i verneområdet. Slik brenning vil normalt vera eit positivt tiltak for å ta vare på stølsvollar og beitelandskap og skapa varierte lyngheilandskap. Slik brenning blir rekna som landbruksdrift. Verneforskrifta skal difor ikkje vera til hinder for denne aktiviteten så lenge den skjer i regi av grunneigarar, eller ved forvalningsstyresmakta som del av tradisjonell lynghei-skjøtsel. Brenning bør likevel avklarast med forvalningsstyresmakta og brannvesenet i forkant.

Brenning må utførast på ein kontrollert og planmessig måte, normalt ikkje oftare enn kvart 10. til 15. år. Brenning skal avgrensast til tider av året då det gjer minst skade på fauna, helst vinter/tidleg vår. Ein må unngå område med fare for skade på gamal skog, styva tre, edellauvskog eller der det er registrert sjeldsynt flora og fauna.



Rome – vakker, men gir sjukdomen ”alveld” på husdyr. Fotokjelde: Norsk Botanisk forening Plantefotoarkiv.



Lyngbrenning – ein gamal skjøtselmåte som enno nyttast nokre stader. Foto: Per Kristian Austbø

6.2 Skogbruk

Verneforskrifta sett forbod mot: Bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, sång og planting, (§ 3, pkt.. 1.1). Innføring av nye planteartar (§ 3, pkt.. 2.1).

Verneforskrifta er ikkje til hinder for: Uttak av ved og tømmer. Ved uttak av furutømmer skal ein ta vare på det naturlege skogsbiletet ved å nytta lukka hogstformer og plukkhogst i samråd med forvaltningsstyresmakta (§ 3 pkt. 2.3). Hogst av gran i Røssdalen (§ 3 pkt. 2.3):

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til: Hogst av anna enn gran i Røssdalen i medhald av godkjend plan (§ 3 pkt.. 2.3)

Dei siste åra er det berre unntaksvis hogd ved eller teke ut tømmer innanfor verneområdet. I samband med planprosessen har det ikkje kome fram konkrete planar om større utnytting av skogsressursen. I Forsand vert det arbeidd med å etablera eit felles ved-mottak. Vegen til Røssdalsvatnet er og nyleg rusta opp og har gjort det lettare å ta ut skog i Røssdalen. Desse tiltaka og eventuell endra marknadssituasjon for ved, kan gjera det meir aktuelt med uttak av skog.

For motorisert ferdsle i samband med skogsdrift sjå kapittel 6.5.

Forbodet mot sång og planting, og mot innføring av nye planteartar, inneber mellom anna eit forbod mot skogreising og treslagskifte innanfor verneområdet. Det vil heller ikkje kunne pårekna dispensasjon til bygging/opparbeiding av vegar eller trasear til skogsdrift.

Hogst

Hogst av tømmer, vedhogst, rydding og tynning er generelt tillate, med unnatak av Røssdalen (etter plan).

Storstilte planar for uttak av ved vil kunne endra landskapet sin art og karakter og ha innverknad på dyre- og plantelivet. Slike planar må difor gjennomføras i samråd med både skogbruks- og forvaltningsstyresmakt. Dette blir spesielt regulert av lov om skogbruk og skogvern. I føremålet til denne lova (§ 1) står det at ”*.. det skal leggast vekt på skogens betydning som rekreasjonskilde for befolkningen, som viktig del av landskapsbildet, som livsmiljø for planter og dyr og som områder for jakt og fiske*”.

”Levende skog” sin standard for skogbruk konkretiserar føringane i lov om skogbruk og skogvern. Denne standarden bør nyttast for all skogsdrift innanfor området. Dette for å sikre at område som vesentleg pregar skogsbiletet, til dømes bekkedalar, parti med urskogspreg, livsløpstrek, koller og tiurleiker ikkje vert hogde ut, likeeins at daude tre, reirtre og liggjande tre vert att i skogen. Standarden tilrar vidare at :

- Det vert nytta lukka hogstformer i edellauvskogar, i sumpskog og på myr. Lukka hogst er definert som hogstformer som anten er avgrensa til eit areal på maksimalt 2 dekar, eller der det etter hogst står att minst 16 tre per dekar.
- Ein i vernskog mot fjellet legg vekt på å fremja og å oppretthalda gamalskogpreg.
- Ein sett att 5-10 livsløpstrek per dekar, utvalde blant dei sterkeste og eldste trea.
- Liggjande daude tre som er eldre enn 5 år ikkje vert tekne ut.
- Hogstavfall vert fjerna frå bekker og stiar.

- Det vert teke særskilt omsyn ved hogst langs mykje brukte løyper.
- Det vert teke særleg omsyn til kulturminne, t.d. gamle styva tre.
- Nøkkelsbiotopar vert registrert og tekne vare på.

For oppdatering av Levende Skog-standarden ta kontakt med Norges Skogeierforbund eller sjå internetsidene <http://www.levendeskog.no>.

Forvaltningsstyresmakta vil gi løyve til hogst i Røssdalen dersom det er lagt fram plan på førehand som tek slike naudsynte omsyn. Forvaltningsstyresmakta vil kunne bistå med utarbeiding av slik plan.



Furuskog i Fårelia, Vindalen
Foto: Per Kristian Austbø



Bjørkeskog med kvit-tistel.
Foto: Torborg Kleppa

6.3 Elektrisk kraft - Produksjon og overføring

Verneforskrifta sett forbod mot: Oppføring og ombygging av bygninger, anlegg og faste innretninger, framføring av røyr, luft og jordleidningar, drenering og anna form for tørrlegging, ..., sprenging og boring, bryting av steinar, fjerning av større steinar og blokker, vassdragsregulering (jf. § 3 pkt.. 1.1).

Verneforskrifta er ikke til hinder for: Vedlikehald av konsesjonsgjevne kraftanlegg. T.d. driftshytter, dammar og radiolinkar. Drift og vedlikehald av eksisterande kraftleidning. Naudsynt istandsetting ved akutt utfall. Oppgradering/fornying av kraftleidning for heving av spenningsnivå og linetverrsnitt når dette ikke krev vesentlege fysiske endringar i strid med verneføremålet (jf. § 3 pkt. 1.2 f, g, h og i)

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til: Oppgradering/fornying av kraftleidning som ikkje fell inn under pkt. 1.2. Framføring av nye kraftlinjer eller kablar (§ 3 pkt. 1.3 g og h).

For ei nærmare presisering av regelverket for motorferdsle sjå kap. 6.5.

I brev av 03.11.2004 frå DN/NVE vert det gitt føringar om tilhøve mellom vassdrags-/energianlegg og verneområde, herunder også motorisert ferdsle.

Vedlikehald og sikkerhetsmessige tiltak knytt til eksisterande anlegg (reguleringsanlegg, kraftliner, bygg og vegar) kan skje utan vidare, men likevel slik at dette ikkje er til skade for verneverdiar, til dømes anleggsarbeid i trekk- og kalvingstid for reinsdyr. Det er viktig at selskapa derfor tek kontakt i forkant av tiltak. Kraftselkapa må syte for god sluttføring av tiltaka (terrengutbetring, fjerning av avfall/materiell m.m.). Vedlikehald omfattar blant anna utskifting av komponentar (m.a. liner, isolatorar, master) i samsvar med konsesjon. For kraftliner vil oppsetting av master med anna utforming enn eksisterande anlegg normalt ikkje omfattast av reglane om vedlikehald. I slike tilfelle skal forvalningsstyresmakta kontaktast for vurdering av behov for dispensasjonssøknad. Ved utskifting av master eller andre komponentar, skal ein nytte master og komponentar som er mest mogeleg lik eksisterande, med mindre overgang til andre typar vil redusere anlegget sin negative verknad på verneverdiene utan urimelege kostnader eller ulemper for eigar av anlegget.

Oppgradering/fornying av kraftliner for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt kan skje utan særskilt løyve dersom tiltaket ikkje inneber vesentlege fysiske endringar i strid med verneføremålet. Forvalningsstyresmakta bør kontaktast på førehånd for nærmere samråd.

Om oppgradering/fornying kjem i strid med verneføremålet, krev tiltaket eit særskilt løyve etter konkret handsaming av søknad. Forvalningsstyresmakta avgjer i tvilstilfelle om det vert krevd søknad. Slike søknader vil under normale høve bli innvilga. Ved ein konkret søknad bør det etablerast kontakt på førehånd mellom tiltakshavar og forvalningsstyresmakt for verneområdet med sikte på å drøfte avbøtande tiltak.

Forvalningsstyresmakta har høve til å gje løyve til framføring av nye kraftliner og kablar etter § 3 pkt.. 1.3 h), men ein vil vera særstrikтив til å gje slike løyve. Kraftlinene utgjer framandelement i landskapet og kjem i konflikt med forvaltningsmåla om å behalda villmarksprega område og den låge graden av inngrep ein finn i verneområdet.

Søknader om nye reguleringar og inngrep som går utover gjeldande konsesjonsvilkår blir handsama etter energilova (overføringsanlegg) eller vannressurslova og/eller vassdragsreguleringslova (produksjonsanlegg). Slike søknader må i tillegg handsamast etter § 4 i verneforskrifta der det vert krevd særstungtvegande grunnar for dispensasjon.


Små-, mini- og mikrokraftverk

Både i Espedalen og i Frafjord har det vore lokal interesse for å byggja små kraftverk. Med ei vernegrense som i hovudsak er trekt opp på fjellbryna ligg størstedelen av det vassfallet utanfor verneområdet. Det vil likevel vera vanskeleg å realisera slike prosjekt fordi både Espedals- og Frafjordvassdraget er varig verna. For desse vassdraga er det sett etter måten strenge nasjonale retningslinjer.

Denne type kraftverk kan gje inngrep med uheldig verknad på landskapsbiletet, og regulering av vassføringa kan endre leveområdet til planter og dyr. Søknader til slike inngrep må eventuelt handsamast både etter § 4 i verneforskrifta og etter vannressurslova. Dispensasjon etter § 4 i verneforskrifta vil berre unntaksvis kunne gjevast i tilfelle der inngrepet vil ha stor verdi for sokjar og ikkje vera i strid med føremålet med vernet (svært små inngrep og utan eller minimal landskapsverknad).



Månavossen, 90 meter fritt fall !
Foto: Per Kristian Austbø



Fossjuvet ned i Indredalen vitner om voldsomme geologiske prosesser. Foto: Kjell Helle Olsen

6.4 Friluftsliv og tilrettelegging for ferdsle

Verneforskrifta sett forbod mot: Bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. (§ 3, pkt. 1.1). All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne (§ 3 pkt.. 4.1). Innanfor nærmere avgrensa delar av landskapsvernombordet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulera ferdsel som kan vera til skade for naturmiljøet (§ 3 pkt. 4.4).

Verneforskrifta er ikke til hinder for: Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging (§ 2). Vedlikehald av merka stiar og løyper, skilt, bruer og klopper i samsvar med forvaltningsplan. Tradisjonell turverksemd til fots i regi av turistforeiningar, skular, barnehagar, ideelle lag og foreningar. (§ 3 pkt. 1.2 e, 4.2)

Forvaltningsstyrestrukta kan gje løyve til: Bygging av bruer og klopper. Opparbeiding, merking og sikring av nye turstiar og løyper. Tilbygg og andre mindre bygg til allmenne friluftsføremål i samsvar med forvaltningsplan (§ 3 pkt.. 1.3 c,d,f). Organiserte ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve (§3 pkt.. 4.2). Sykling og organisert bruk av hest på vegar og trasear som er fastlagt gjennom forvaltningsplanen (§ 3 pkt. 4.3).

For motorferdsle i samband med friluftsliv sjå kapittel 6.5. For bygningar og faste installasjonar i samband med friluftsliv, herunder bygging av bruer og klopper sjå kapittel 6.6.

Sjå også kartvedlegg med turisthytter og løyper i *Verneplan for Frafjordheiiane*.

Ei sentral utfordring for forvaltninga og andre aktørar vil vere å sikre ”stillhet og ro” som eit hovedmotiv blant besøkande, samstundes som ein må ta høgde for auke i bruk og aktivitet til dømes innanfor reiseliv. Auka kartlegging og overvaking av verknader på verneverdiar vil måtte leggast til grunn for aktive tiltak som kanalisering og skjerming, differensiert soneforvaltning, informasjon og tilrettelegging, jfr.. kap. 7.

Vernereglane vil ikkje vere til hinder for fotturar i regi av turistforeiningar og liknande; heller ikkje tradisjonell drift av turisthytter.

Regulering av ferdsla

Fri ferdsla i utmark etter friluftslova skal vera retningsgivande for verneområdet. Direktoratet for naturforvaltning kan i særskilte tilfelle, og berre gjennom eiga forskrift, innföra ferdsselsforbod i delar av området. Denne regelen vil berre unntaksvis kunne bli aktuell for mindre og avgrensa område kor ferdsla eventuelt måtte bli ein direkte trussel mot verneverdiene. I dag føreligg det ikkje grunnar som tilseier at det er naudsynt med slik regulering. Sjå kartvedlegg som syner sommar- og vinterruter.

Retningsliner for tilrettelegging for friluftsliv

Den store ferdsla til Kjeragplatået krev kontinuerleg vedlikehald og utbetring av tilrettelegginga på stien opp dit. Det er reist forslag om ei kvilebu på Kjeragplatået. Det er også fremma forslag om ei brygge på Geitaneset som kan nyttast til transport av basehopparar.

Med den store ferdsla til anlegget på Mår ventar ein aukande slitasjeproblem i området rundt bygga. Det vil truleg vera behov for tilrettelegging aust for husa.

Også i Røssdalen står ein ovanfor utfordringa om kor mykje tilrettelegging ein skal tillate utan å komme i konflikt med målet om å ta vare på det tradisjonelle landskapsbilde og det rike dyre- og plantelivet. Forsand kommune i samarbeid med andre har sett opp nyttoalettbygg, merka og lagt om noko av stien, samt opparbeida permanente gruveplassar på indre sletta i Røssdalen. I 2004 rusta grunneigarane opp traktorvegen fram til Røssdalsvatnet. Stien aust for vatnet er nyleg lagt utanom fuktige områder. Andre tiltak er under planlegging.

Forvalningsstyresmakta vil gjennom sakshandsaming og samarbeidstiltak legge stor vekt på å oppfylle den delen av verneføremålet som peiker på allmenta sitt hove til naturopplevingar i området. Ein ventar ei gradvis auka i ferdsla, i det minste i deler av Frafjordheiiane. Dette stiller forvaltninga og samarbeidsaktørar overfor utfordringar i hove til graden av tilrettelegging.

Frafjordheiiane ligg i sone 2A i ”Norsk sti- og løypeplan” (Direktoratet for naturforvaltning 1991). Dette tyder at området skal halde fram med å vere mindre tilrettelagt og at berre mindre justeringar/tilpasningar av løypenettet som ikkje er av vesentleg konflikt med naturverninteressene skal kunne gjennomførast



**Enkel tilrettelegging for vandring i heia .
Foto: Torborg Kleppa**

Forvalningsstyresmakta vil prioritere det enkle og naturvennlege friluftslivet med liten grad av teknisk tilrettelegging. Soneinndelinga av Frafjordheiane gjer likevel signal om at ein i områda som er mest intensivt nytta til friluftsliv, til dømes sone 3 mot Kjerag, ytre Røssdalen, ved Mån og Futasete - Blåfjellenden, vil ha ein noko lågare terskel for kva ein vil tillate av tyngre tilrettelegging. I Røssdalen vil forvalningsstyresmakta vurdere nærmere om bygging av toalett kan sjåast i samanheng med dei ønskjer somme av grunneigarane har signalisert om å gjenreise høyloer.

Følgjande retningsliner gjeld for all tilrettelegging innanfor verneområdet, både merking av nye løyper og vedlikehald/utbetring av eksisterande tilrettelegging:

- Fysiske tiltak skal ikkje skje i sone 1, eller avgrensast så langt som råd. Berre små inngrep er aktuelt. Forvalningsstyresmakta skal sette naudsynte vilkår om landskapstilpassing ved oppsetting av faste installasjonar.
- All merking, oppsetting av skilt og anna uteinformasjon skal klarerast og skje i nært samarbeid med både grunneigar (jfr. friluftslova) og forvalningsstyresmakta.
- Stadeigne naturtilpassa materiale skal nyttast, helst stein og tre.
- Den Norske Turistforening sine standardar for rutemerking (*Merkehåndboka*) skal ligge til grunn for all merking av ruter. Ein må likevel ta lokale omsyn, som til dømes at ein nyttar låge vardar (nødlingar) slik det er tradisjon for i dette området.
- Så langt som råd skal ein følgja tradisjonelle ferdsselsårer og ta omsyn til kulturminne (klopper, vadesteinar, bruer, vardar og liknande)
- Ved avvikling/omlegging av merka stiar/løyper må vardar, nødlingar og malingsmerka fjernast. I den samanheng bør det presiseras at ein så langt som råd skal unngå å mala på fjell eller stor stein. Gamle vegmerke må ikkje øydeleggjast.
- Ein bør medverke til sambruk mellom landbruk og friluftsliv viss mogleg.

For meir om oppsetting av bygningar, bruer og klopper, skilt og andre faste installasjonar som eit ledd i tilrettelegging for friluftsliv, visar ein til kapittel 6.6.

Nye stiar og løyper

Sjå vedlagt kart med innteikna sti- og hyttenett.

Jæren Friluftsråd har tidlegare kvista løyper i Hunnedalen, men dei ser ikkje på dette som eit aktuelt tiltak no. Stavanger Turistforening har grovmerka turløypa "Lysefjorden rundt" (inkl. Kjerag – Vindddalen) i 2005; noko merking (til Vindddalen og Fossmark) og kvalitetsikring (betrer skilting) står att. Traseen Langavatn – Kjerag er lagt om, med overmaling/fjerning av gamal løype over Varmekroheia; tilsvarande vil bli gjort Little Hoggarvatn – Flørlivatn i 2006.

På den nye ruta Langavatn – Flørli ønskjer Stavanger Turistforening å plankelegge sti over myrparti aust for Skansen. I tillegg ønskjer ein å plankelegge sti over myrparti ved Skåpet.

Før etablering av nye merka stiar og løyper må ein undersøka nøyne om tiltaket vil kunne ha negativ innverknad på verneverdiane. Opplevingsverdien vil for mange vera spesielt stor i område der det ikkje er tilrettelegging. Difor bør ein vera restriktiv med ny tilrettelegging der det ikkje har vore merka løyper tidlegare. Dersom aktuell trasé kjem i konflikt med eit eller fleire av punkta nedanfor bør ein ikkje gje løyve til merking:

- Sone 1 (enkel stiutbetring/omlegging av eksisterande og brukte løyper i sone 1 vil likevel kunne tillatast)
- Område der det er registrert hekking av rovfugl, smålom eller storlom
- Område som er viktige i høve til reintrekket , eller som har vore nytta som kalvingsområde
- Område der det er registrert sjeldne plantesamfunn
- Område som er tungt framkommelege/fuktige, der ein må gje store inngrep for å få ein akseptabel standard på stien.

Søknader om merking og tilrettelegging må vurderast i høve til punkta ovanfor, men og i høve målet om halde enkelte delar av Frafjordheiane fri for tilrettelegging for friluftsliv jf. kap. 3.2. Korleis merking av nye ruter kan påverke trøngen for overnatningskapasitet på eksisterande rutenett, skal og vurderast.

Ved godkjenning av nye stiar og løyper skal forvaltningsstyresmakta setje vilkår om vedlikehald og avbøtande tiltak ved terrengslitasje/skade. Ved handsaming av søknader om nye løyper må det ligge føre aksept frå grunneigar.

Frå grunneigarar i Sirdal kommune har det vore framsett ønske om å halde fram med den mangeårige oppkjøring av skiløype til Degevassområdet. Ruta til Degevass vert mykje nytta gjennom heile skisesongen. Degevasstreffet på langfredag har vore ein tradisjon i mange ti-år som samlar mykje folk. Grunneigarane på Tjørhom og Handeland meiner dette vil kunne utviklast til noko meir. Dei ønskjer i første omgang å etablera faste, merka vinterløyper til Degevass både frå aust og vestsida og ser føre seg merking frå vinterferien til påske. For å garantera sikre løyper vil det medføra kjøring kvar veke.

Forvaltninga vil generelt vera restriktive i høve vinterruter med ein så høg grad av kanalisering, spesielt inn i sentrale område der det er registrert konflikt med villrein. Ferdsel og tilrettelegging bør tvert om avgrensast i dette ”korridor”-området for villreinen, jfr.. kap. 6.6 om *Turisthytter og bygg til friluftsformål*. Ny dispensasjon til gjennopptatt merking av vinterruta Ådneram-Børsteinen-Sandvatn kan ikkje pårekna. Ferdsel bør kanaliserast langs rutenettet Hunnedalen – Sandvatn – Blåfjellenden, og langs ny rute langs Lysefjorden (”Lysefjorden Rundt”). I høve oppkjøring av Degevassruta til det årlege arrangementet må det søkast om dispensasjon kvart år, der SNO-oppsynet i forkant vil undersøka om det er villrein i området. Oppkjøringa skal avgrensast til umiddelbart før arrangementet, jfr. retningsliner i kap. 6.5.

Organisert ferdsle

Stavanger Turistforening har jamlege organiserte fotturar i området. Det normale talet på deltakarar på overnattingsturar er om lag 30 personar. For dagsturar ligg talet på omlag 40.

Som nemnt ovanfor samlar også Degevasstreffet på Langfredag mykje folk (mange hundre).



Enkelt friluftsliv – eit fellesgode.

Foto: Torborg Kleppa

Tradisjonell turverksem til fots i regi av turistforeiningar, skular, barnehagar, ideelle lag og foreiningar kan skje fritt innanfor ramma av verneforskrifta og friluftslova. Verneforskrifta krev at organisert ferdsele som kan skade naturmiljøet, skal ha særskild løyve. Tradisjonell turverksem til fots skal vurderast på same måte anten tiltaket er av kommersiell eller ikkje-kommersiell karakter. I den praktiske forvaltninga vil det innebere at private selskap og andre næringsaktørar uhindra av vernet kan gjennomføre tradisjonell tur-verksem til fots så lenge det ikkje medfører fare for at naturmiljøet blir skada på kort eller lang sikt.

Aktivitetar ut over allemannsretten krev likevel løyve frå grunneigarane i aktuelt område.

BUIN-prosjektet ("Barn og unge i naturen") er eit nyleg oppstarta prosjekt med utgangspunkt i SVR-verneområdet. Forsand kommune arbeider med planar om etablering av ein leirstad (små-bygg, lavvoar, telt og liknande) i Lysedalen eller Røssdalen, som samlingsstad og møteplass i høve aktivitetar i og ved landskapsvernombordet.

Dagens situasjon syner at fotturar og andre arrangement i regi av Stavanger Turistforening eller andre aktørar ikkje er noko stort problem. Ein kan likevel sjå føre seg ei utvikling med nye tilbod som over tid kan verta ein trussel for verneverdiane (m.a. terrengslitasje og uro) eller koma i konflikt med tradisjonell landbruksdrift (sauebeite). Det er difor viktig at forvalningsstyresmakta følgjer utviklinga og er i tett dialog med aktuelle arrangørar og grunneigarar. Av omsyn til villreinen arrangerer ikkje lenger Stavanger Turistforening vårturar i aktuelt villreinområde Longavatn – Kjerag og Børsteinen (Leif Solheim pers. med.).

Døme på organisert ferdsele som kan skade naturmiljøet og dermed krev særskilt løyve, er faste teltleirar innafor verneområdet og større arrangement som militærøvingar, speidarleirar, idrettsarrangement, jaktprøvar m.v. Vanlege militære øvingar blir ikkje rekna som militær operativ verksem, og må difor omsøkast på line med andre brukarinteresser. Eit fellesteikn på slike arrangement er at dei inneber opphoping av menneske på same stad til same tid. Det vert stilt krav om søknad med detaljert beskriving av arrangementet (stad, tidspunkt, omfang, trong for motorisert ferdsele m.m.).

Det bør ikkje gjevast løyve til slike arrangement dersom det vil medføra konflikt med naturmiljøet eller grunneigarinteresser. I følgjande område vil ein ha ei restriktiv forvaltning:

- I sone 1-område. Kjerag vil likevel kunne ha høg besøksaktivitet.

- Austlege sentralområde.
- Område med liten slitasjestyrke (t.d. fuktige område og myrområde)
- Hekkeområde (april- august) for rovfugl, lom mfl.
- I området nord og aust for Sandvatn og Langavatn (trekkvegar for villrein)
- Ved dispensasjon vil aktuelle vilkår vera at ein nyttar etablerte stiar/trasear, at ein ikkje legg frå seg avfall, ikkje set opp vardar eller andre byggverk, at det ikkje vert etablert nye bålplassar/gruer, og omsyn til landbruksinteresser.

Verneforskrifta set restriksjonar på sykling og organisert bruk av hest. Desse aktivitetane kan føra til omfattande slitasje på vegetasjon og stinettet og koma i konflikt med tradisjonelle fotturistar og næring. Det er i dag ikkje slike konfliktar i verneområdet. Ein vil difor avvente fastsetting av trasear for desse aktivitetane inntil det blir ei aktuell problemstilling. Ein vil likevel signalisere at det ikkje bør gjevast løyve til sykling og organisert bruk av hest i sone 1 og langs stiane til Kjerag, Mån og Rosldalen. Ein bør heller ikkje gje løyve til slike aktivitetar i område med spesielt slitesvak vegetasjon (t.d. myr). Ein treng ikkje godkjenning for sporadisk, uorganisert bruk av hest.

Ferdsleformer som kan skade naturmiljøet

Nye friluftsaktivitetar som kan føre til slitasje/uroing skal ikkje tillatast. Det er det enkle og naturvennlege friluftslivet i tråd med norske friluftstradisjonar som skal prioriterast. Det er aktivitetane som i liten grad er avhengige av fysisk tilrettelegging, som t.d. ski- og fotturar, bærplukking, jakt og fiske som lettast let seg kombinera med verneføremålet.

Større anlegg og satsing på omfattande turisme skal lokaliserast utanfor verneområdet.



Dei mange myrene er populære for bærsankarar om ettersommaren; tranebær-blome til høgre. Foto: Per Terje Haaland

6.5 Motorferdsle

Verneforskrifta sett forbod mot: Motorferdsle på land og i vatn. Flyging lågare enn 300 m. over bakken, og landing og start med motordrivne luftfarty. Henting og bringing av passasjerar og gods der luftfartyet ikkje er nær bakken (§ 3 pkt. 5.1).

Verneforskrifta er ikkje til hinder for: Ruteflyging, motorferdsle ved militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsel- og forvaltningsoppgåver. Øvingskjøring i samband med desse føremåla krev særskild løyve (§ 3 pkt. 5.2 a). Motorisert ferdsl på frosen eller snødekt mark i samband med skogsdrift (jf. § 3 pkt.. 5.2 b). Militær lågtflyging (§ 3 pkt.. 5.2 c). Motorisert transport i samband med drift og vedlikehald av konsesjonsgjevne kraftanlegg og kraftliner. (§ 3 pkt.. 1.2 f og g).

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til: Bruk av båt med motor, motorkjøretøy på frosen eller snødekt mark, eller luftfarty i samband med husdyrhald, storviltjakt, fiske, transport av varer inn til hytter og stolar, transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på hytter, klopper o.l., kvisting av skiløyper, øvingsverksemd og kalking (§ 3 pkt.. 5.3 a). Bruk av motorkjøretøy på barmark i samband med frakt av sjuke, skadde eller daude husdyr, frakt av elgslakt og skogsdrift (§ 3 pkt.. 5.3 b).

Lov om motorferdsle gjeld i tillegg til desse vernereglane.

Målsettinga er at motorisert ferdsl skal avgrensast til eit minimum. Motorferdsle verkar forstyrrande på dyrelivet, spesielt villrein og fugl i hekketida. Det kan føre til terrengritasje og redusera opplevingskvalitetane. Forbodet gjeld også bruk av motor på modellfly, modellbåt o.l.

Det er vidare ei klar målsetting å få ein samla årleg oversikt over all motorisert transport i verneområdet, m.a gjennom krav om føring og innrapportering av kjørelogg. Dette skal inngå som eit fast tema i den standardiserte årsrapporten (under utarbeiding i SVR). Faste brukarar t.d. kraftselskap og Stavanger Turistforening skal oppmodast om å melde inn obersvasjonar og spor etter vilt, og spesielt villrein.

Nasjonale føringar inneber at motorisert ferdsl normalt skal vurderast strengt i utmark, ikkje minst i verneområde. Det vil derfor ikkje kunne pårekna dispensasjonar til tiltak som føresett vedvarande behov for auka motorisert ferdsl.

Likevel eksisterar det naudsynte behov for avgrensa motorisert transport i Frafjordheiiane, i første rekkje knytt til primærnæringar, kalking, kraftproduksjon, drift av turisthytter og løpenett. Desse brukarbehova vil forvaltningsstyresmakta normalt etterkomme gjennom rask dispensasjonshandsaming.

Generelt gjeld følgjande retningsliner for handsaming av alle søknader om motorisert ferdsl:

- Alle søknader om motorisert ferdsl skal vera skriftlege og sendast i god tid før planlagt transport. Søknaden må detaljert konkretisere behovet for motorisert transport (til dømes mengde og type materiell), talet på turar, planlagt transportrute og tidspunkt.

Ved akutte transportbehov kan ein heilt unntaksvise gje dispensasjon over telefon (til dømes ved sjuke/daude husdyr).

- Så langt som råd skal det nyttast ervervskøyrar for transport av naudsynt materiell (t.d. større bygg-materiale, støtte innventar o.l.). Meir lettvinde behov (materiell som normalt kan berast) gir ikkje grunnlag for dispensasjon.
- Dispensasjonar etter § 3 pkt.. 5.3 skal berre gjevest for inntil to år om gangen, med mogleg forlenging etter evaluert praksis.
- Det skal ikkje bli gitt dispensasjon til såkalla følgjeskuter.
- Forvaltinga vil ikkje gje løyve til persontransport for at folk (friluftsfolk, turistar, rørslehemma eller andre) lettvinde skal koma seg inn i området.
- Motorisert ferdsle bør kanaliserast langs det etablerte sti- og vegnettet og helst skje på snødekt eller frosen mark. Barmarkskjøring utanom veg skal så langt som råd unngåast.
- Vinteren og vårmånadane er sårbar for villreinen. Rovfugl er sårbar i hekkeperioden om våren og sommaren. Dette må det takast særskild omsyn til i vilkåra for dispensasjonar til motorisert ferdsle.
- Så langt som råd skal ein söka å samordna ferdsla.
- Løyve til bruk av motorisert ferdsle (luftfartøy, scooter m.m) for filming eller fotografering av området i samband med marknadsføring eller medieføremål må vurderast konkret og strengt i kvart tilfelle. Sjå elles konkrete vilkår i avsnitt nedanfor om ”Reiseliv, marknadsføring, basehopping”.
- Løyve til bruk av motorisert ferdsle (luftfartøy, scooter m.m) i samband med vitskaplege undersøkingar. Ein vil berre gje løyve dersom oppdraget vert vurdert som spesielt viktig eller kan underbyggje føremålet med vernet.

Forvaltinga skal syte for rask og god dialog med oppsynet ved tildeling av løyve.

Militær verksemd

Forbodet mot motorisert ferdsle gjeld ikkje militær operativ verksemd som i fredstid omfattar all militær verksemd naudsynt for å planleggja, førebu og gjennomföra følgjande:

- Overvakning av land, sjø- og luftterritoriet.
- Forsvarsplanar medrekna feltfestningar, anlegg for installasjonar og stridsmiddel.
- Beredskapstiltak
- Støtte til det sivile samfunn og politi som krev innsetjing av styrkar.
- Reine militære operasjonar i spesielle situasjonar medrekna søk og redningsteneste. Øvingskjøring i samband med desse føremåla krev likevel særskild løyve. Slik løyve kan bli gitt for lengre tidsperiodar.

Dette tyder at Forsvaret må sökje dispensasjon i samband med vanlege øvingar.

Militær lågtflyging er tillate innanfor verneområdet, jfr.. *NOU 2001:15 Forsvarets områder for lavtflyging*. Her er det tilrådd flygehøgde på 2000 fot over verneområde. Forsvaret opplyser i august 2004 at dei sjeldan nyttar desse områda til lågtflyging. Dei austlege delane av området grensar til viktige villreinområde. Lågtflyging vil normalt vera uheldig i desse områda. Statens Naturoppsyn skal, dersom det er registrert kalving eller større reinsflokkar innanfor området, difor melde frå om dette til Fellesoperativt Hovedkvarter, Luftoperasjonsenteret, slik at Forsvaret om mogleg kan unngå lågtflyging.

Redningsteneste

Stavanger Røde Kors opplyser i august 2004 at dei vinterstid driv ”kjentmannskjøring” nær kvar helg innanfor verneområdet. Norsk Folkehjelp har tidlegare vore stasjonert med eit redningslag med snøscooter på Stavanger Turistforening si hytte på Langavatn i påska. Denne tenesta er no avvikla. Øvre Sirdal leitelag deltek i følgje lensmannskontoret på ei ”kjentmannskjøring” i året i regi av lensmannskontoret. Det varierar om denne øvinga blir avvikla i Frafjordheiane, eller i heiene aust og nord for Sirdal.

Redningsaksjonar er unntake forbodet mot motorferdsle i verneområdet. Det same er naudsynt motorferdsle i samband med avsperring og skilting av særleg rasfarleg stad/område eller område med uvanlege istilhøve eller isgang. Det er politiet si oppgåve å vurdera om det er naudsynt med slike sikringstiltak. Forvalningsstyresmakta skal ha melding om politiet sitt vedtak i saka.

Øvingskjøring (inkl. kjentmannskjøring) i samband med redningstenesta krev særskild løyve i kvart einskilde tilfelle, jfr.. brev av 01.03.1999 frå Direktoratet for naturforvaltning (DN – 17, 2001, vedlegg 10). I utgangspunktet skal all øvingsverksemnd i form av motorisert ferdslle leggast utanfor verneområdet. Hovudregelen skal vere at ein gjer seg kjend i Frafjordheiane utan bruk av kjørety. Dispensasjon til øvingskjøyring kan likevel bli gjeve med bakgrunn i plan som er godkjend av politimeisteren/lensmannen. Søknader skal sendast i god tid via ansvarleg politimeister og vil bli handsama ut i frå dei generelle retningslinene som er vist tidlegare i dette kapittelet.

Rogaland politidistrikt har våren 2006 teke initiativ til beredskapsplan-arbeid i SVR-området. Lokalt politi og den einskilde kommune samordnar planar i høve risiko, naudsynte ressursar og tilhøvet til verneformål. Tilsvarande planar bør utarbeidast for Frafjordheiane etter same modell så snart denne ligg føre.

Hovudredningssentralen i Sør-Noreg opplyser i august 2004 at Kjerag-veggen er særskild godt eigna for øvingsformål m.a. av tryggleiksomsyn, og at dei har behov for minst ei øving i året med helikopter i Kjerag-området. Desse øvingane blir kombinert med øvingar med alpine redningsgrupper. Søknader om slik øving i verneområdet vil normalt bli innvilga. Øvingar med alpine redningsgrupper som ikkje har beredskap for Kjerag bør normalt skje utanfor verneområdet.

Motorferdsle i samband med kraftproduksjon og overføring

Forskjellig lovverk set krav om jamleg tilsyn og vedlikehald av reguleringsanlegg og kraftliner. Det er i tillegg naudsynt med motorisert transport for vedlikehald og reparasjon av vegar, sambandsstasjonar, husvære m.m. Kjøringa vil kunne variera mykje frå år til år, t.d. på grunn av uføresette hendingar på utstyr og anlegg, varierande snømengd ved kraftliner og krav om sikre transporttrasear.

Vekslande snø- og værtihøve og dermed omsynet til mannskapet sin tryggleik, gjer at kraftselskapa ikkje nytter faste kjøretrasear. Dei fleste av Lyse Kraft sine anlegg ligg nord og aust i området. Den beste vegen vil ofte vere frå Flørli, alternativt frå Lysebotn via Stølsdalen og Langavatn til Hogganvatnet. Sirekrok i Sirdal, Høgaleite eller Valevatn i Hunnedalen vert i sjeldnare tilfelle nytta som utgangspunkt. I samband med tilsyn av kraftliner har ein mykje nytta Hunnedalen som startpunkt. Ved synfaring av liner og i spesielle tilfelle, kjører Lyse inn frå Vinddalen. Sira Kvina kjører inn frå Hunnedalsida.

Transporten skjer heile året. Frå januar til april blir det i hovudsak nytta snøscooter, men helikopter vert og nytta. Beltevogner vert i sjeldne tilfelle nytta på snøføre. I sommarhalvåret er transporten meir avgrensa, og då i hovudsak med båt eller helikopter. Barmarkskjøring skjer i svært liten grad.

Motorisert ferdsl i samband med drift og vedlikehald av kraftanlegg og kraftliner kan skje utan særskild løyve. I følgje NVE (NVE 17.03.2003, og DN/NVE-brev 2004) skal likevel motorisert ferdsl i samband med planlagt vedlikehald avklarast med forvalningsstyresmakta på førehand, slik at ein unngår ferdsl *mellan anna* på uheldige tidspunkt av omsyn til viltet. Ei slik avklaring bør gjelde for fleire år om gongen. Ved akutte transportbehov skal melding om motorisert ferdsl sendast forvalningsstyresmakta i etterkant av kjøringa.

Jordbruks- og skogsdrift

Grunneigarar innanfor området har transportbehov i samband med vedlikehald og utbetring av stølsbygg/driftsbygningar, frakt av sjuke dyr, gjerdemateriell m.m. Ofte er helikoptertransport den einaste eller mest aktuelle transportmåten.

Motorisert ferdsl i samband med skogsdrift, herunder nytting av naudsynt utstyr, er tillate på frosen eller snødekt mark. For transport i samband med frakt av sjuke, skadde eller daude husdyr og skogsdrift kan det gis løyve til bruk av motorkjøretøy også på barmark. Ved akutte behov i høve husdyr kan det bli gjeve løyve pr telefon, om naudsynt like etter transporten.

For transport i samband med husdyrhald og transport av varer til hytter og stølar kan det søkast om løyve til bruk av båt med motor, motorkjøretøy på frosen eller snødekt mark eller luftfarty. Kravet om konkret behovsdokumentasjon gjeld også her fullt ut, jamfør retningslinene innleiingsvis. Det kan gis eingongsløyve til lågtflyging og landing i samband med husdyrteljingar, ettersanking av beitedyr eller andre naudsynte undersøkingar.

Reiseliv, marknadsføring, basehopping

Forvalningsstyresmakta har etter vernet erfart eit aukande press/etterspurnad etter bruk av helikopter i Kjerag-området, både til frakt av turistar og reiselivsfolk, basehopparar og i samband med filming for marknadsføring. Forsand kommune er opptekne av at vernet ikkje må stengja heilt for bruk av helikopter i samband med føremål som kan ha stor positiv verknad for reiseliv/ næringsutvikling i området og regionen.

Lysefjorden og Kjerag har synt seg å stå i ein nasjonal særstilling i høve internasjonal presse- og reiselivsdekning, ikkje minst knytt til basehopping-sporten. Dette har utløyst ei rekke søknader om helikopter-ferdsl til området. Det er derfor klart behov for avklare retningsliner i høve søknader om slik ferdsl. Slike retningsliner vil vere avklarande for nye søkerar, dei vil gi ein mest mogleg avklart forvalningspraksis, avgrense negative effektar på verneverdiar og opplevingskvalitetar, og lette oppsynsoppgåvene. Forvalningsstyresmakta har derfor opna for dispensasjonar (etter søknad) til flyging i eit "tids-vindu", med heimel i § 4 og på følgjande vilkår:

- Tidsvinduet vil vere strengt handheva og avgrensa til fire samanhengande dagar i året i andre halvdel av juni. Tidsvindu skal definerast med datoar i kvar einskild dispensasjon, utan høve til forlenging grunna därleg ver eller liknande.
- Antall dispensasjonar er avgrensa til maks. 3 pr. år, alle innanfor same tidsvindu-periode.

- I vurderinga av søknaden skal det vera avgjerande om marknadsføringsverdien for verneområdet og kommunen/regionen er svært stor, og at helikopterflyging er absolutt naudsynt for å gjennomføre tiltaket.
- Flyging og landing skal skje kortaste veg fra fjorden og inn til stup-kanten ved Kjeragplatå, evt. Geitaneset, med retur same veg.

Løyper og stiar

Sjå kartvedlegg med stiar og løyper i Verneplan for Frafjordheiane, og på vernekartet. Ifølgje Stavanger Turistforening (SFT) vert det kvista frå 01. mars om lag 31 km i verneområdet:

- Hunnedalen – Sandvatn – Langavatn
- Valevatn – Sandvatn – Blåfjellenden.

Tidlegare kvista løype Ådneram – Børstein – Sandvatn er avslutta grunna vinterbeite for villrein. Omfangset er planlagt vidare på dagens nivå.

Stavanger Turistforening kan få løyve til å halde fram med kvisting og vedlikehald av skiløyper som nemnt ovanfor. Motorisert ferdsle i samband med kvisting av løyper bør skje i eit så konsentrert tidsrom som mogleg, nærmere avgrensa i vilkåra for dispensasjon. Det kan også gis løyve til motorferdsle med luftfarty eller motorkjøretøy på frozen eller snødekt mark i samband med transport av klopper, materiell til bruar og anna materiell for utbetring og vedlikehald av stinettet.

Bygg og turisthytter

Stavanger Turistforening kjøper i dag transporttenester av ein grunneigar på Øvstabø. Dei har jamleg behov for transport til/frå hyttene av proviant, avfall, ved, propan m.m. Kjøringa er oftast avgrensa til

1-2 turar årleg pr. hytte. Årsbehov for ved er 2 – 5 favnar/år/hytte; proviant og driftsmidler 1 – 2 tonn pr. år/hytte. Boss og tomgods alltid på retur. Ingen planar om utvida transportbehov. Stavanger Turistforening har ei målsetting om å avgrense den motorisert ferdsla i området så mykje som råd.

I følgje Jæren friluftsråd vil det aller meste av drift-transport opp til Mån truleg skje med helikopter. Det vil vera naudsynt med transport av avfall og diverse utstyr til drift av anlegget, men det totale transportbehovet er framleis uklart.

Løyve til transport av material for vedlikehald av hytter og nærmere godkjend byggearbeid, vil normalt bli gitt. Stavanger Turistforening kan få fleirårige avtalar om transport av proviant/avfall til og frå turisthyttene. Ein bør setja vilkår om at det vert ført logg som klargjer tidspunkt, trasé og oppdrag.

Jakt og fiske

Løyve til bruk av båt med motor, motorkjøretøy på frozen eller snødekt mark eller luftfarty i samband med storviltjakt og fiske, skal i heilt særskilde tilfelle kunne gis, men ikkje til persontransport. Det kan og i spesielle tilfelle (einskilde og ikkje normalt gjentatte) kunne gis løyve til bruk av motorkjøretøy på barmark, etter § 3 pkt. 5.3 b) tredje punkt. Barmarkskjøring vil ikkje bli tillate om det er fare for at kjøringa vil setje varige spor i terrenget.

Kalking ved hjelp av helikopter har føregått sidan tidleg 1990-talet, jfr.. kap. 2. Kalk-mengda er redusert seinare år grunna betre pH-tilhøve. Flyging føregår i om lag ei veke i juni/juli. Dispensasjon til naudsynt helikopterbruk kan pårekna etter § 3 pkt. 5.3. a siste punkt.

Motorferdsle i samband med rovvilt, oppsyn og politioppgåver

Personell i Statens naturoppsyn (Statens Naturoppsyn), medrekna lokale rovviltskontaktar og anna engasjert feltpersonell kan bruka snøskuter i dei tilfella der det er naudsynt for å løysa prioriterte oppgåver knytt til bestandsregistrering og skadedokumentasjon. Bruk av snøskuter under fellingsoppdrag er regulert i instruks fastsett av Miljøverndepartementet for det statlege fellingslaget for uttak av vilt og skal alltid vera avklart med Statens Naturoppsyn sentralt. For all kjøring i samband med dette skal eigne Statens Naturoppsyn-retningslinjer av 23.01.2003 følgjast.

Vidare vil politiet og SNO kunne nytte motorisert ferdsl i samband med aksjonar og kontrolloppgåver i verneområdet, herunder rekvirera andre til å bistå. Det skal sendast rapport eller melding til forvalningsstyresmakta i etterkant.

Skjøtsel

Unntaket i høve til motorferdsel i samband med skjøtsel gjeld berre skjøtselsoppgåver i regi av forvalningsstyresmakta.

6.6 Bygningar, anlegg og faste innretningar

Verneforskrifta sett forbod mot: Oppføring og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretningar, bygging av bruer og klopper og oppsetting av skilt. (§ 3 pkt.. 1.1)

Verneforskrifta er ikkje til hinder for: Vedlikehald av bygningar. Vedlikehald av vegar og anlegg som ikkje fører til endra bruk eller funksjon (§ 3 pkt. 1.2 c og d).

Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til: Ombygging og utviding av eksisterande bygningar og anlegg i samsvar med forvalningsplanen (§ 3 pkt. 1.3 a). Oppattbygging av bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade, og oppattbygging av nedfalne bygningar som høyrer heime i det tradisjonelle bygningsmiljøet i området og som vil vera kulturhistorisk verdifulle (§ 3 pkt.. 1.3 b). Bygging av bruer og klopper (§ 3 pkt.. 1.3 c). Oppføring av bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift (§ 3 pkt.. 1.3 e). Tilbygg og andre mindre bygg til almenne friluftsføremål, i samsvar med forvalningsplanen (§ 3 pkt.. 1.3 f). Framføring av nye teleliner (§ 3 pkt. 1.3 h). Etablering av Kystverket sine anlegg som er naudsynt for tryggleiken på sjøen (§ 3 pkt.. 1.3 i). Etablering brygger, naust og fortøyingsfeste for fiskereiskap, båtar og havbruksanlegg (§ 3 pkt.. 1.3 j).

Forbodet i § 3 pkt. 1.1 gjeld alle typar bygg, anlegg og faste innretningar som t.d. fritidshytter, landbruksbygg, turisthytter, naudhusvere, vegar, klopper, bruer, radio/TV- master, andre mastar og innretningar og anlegg for kraftproduksjon. For bygningar, anlegg og faste innretningar for produksjon og overføring av kraft, sjå kapittel 6.3.

Generelt skal det vera ein streng praksis for alle byggesaker i verneområdet, og spesielt heilt nye bygg og større utvidingar.

Alle former for utvidingar, herunder plattingar og overbygg, er søknadspliktige. For hytter i verneområdet vert det ein maksimal storleik på 40 m^2 (vertikalt projisert, inkludert utstikk,

terrassar og tilbygg, reiskaps- og vedlager, toalett m.m). Bygg til friluftsføremål – sjå nedanfor.

Ved eventuelle dispensasjonar skal det gis vilkår om utsjånad, i samsvar med lokal bygeskikk, til dømes:

- Takvinkel opp til 40 grader
- Vindauge skal ha gjennomgående sprosser, kopla vindauge
- Liggande vestlandspanel (ikkje profilert, men om ønskelig enkeltfalsa, helst varierande breidde på borda, overliggende bord)
- Malt i tradisjonell, mørk jordfarge
- Støypt grunnmur eller pelar skal forblendast med tørrmur i naturstein opp til kledning
- Takstein, torv eller tilsvarande dekke som andre bygg i nærleiken.

Vedlikehald, endring, bruksendring og oppattbygging av forfalne bygningar

Normalt innvendig og utvendig vedlikehald som skifte av kledning, vindauge og anna som ikkje fører til endring av storleik eller fasade er tillate utan søknad. Dersom vedlikehald av bygningar har endra bruksform som føremål krev det søknad og løyve etter plan- og bygningslova.

Utleige av stølshus og etablerte hytter eller opning for allmenn bruk er i seg sjølv ikkje konfliktfylt, men det må ikkje leggjast opp til ei drift (krav til standard og transport av utstyr og mat) som er avhengig av auka motorisert ferdsle.

Det skal ikkje gis løyve til å oppgradere uthus/høyloer til fritidshytte. Ved fasadeendringar vil ein leggja vekt på om endringa fører til at bygget vert meir dominerande i høve til omgjevnadane. Dersom bygga er av kulturhistorisk verdi må dette skje i samråd med kulturminne-styresmakta. Det skal innhentast råd hos kulturminnestyresmakta for istandsetting av bygg som vart sett opp før år 1900 (desse bygga er med i SEFRAK-registreringa).

Stølsmiljø på Øvre Espedalsstølen står i ei særstilling og det er også av kulturhistorisk interesse at dette vert ivaretake. Under verneplanarbeidet vart det også gitt signal om at kvar grunneigar på stølen vil kunne ha ei einskild hytte med brukskombinasjon gardsdrift/fritid, inkl. høve til restaurering og ombygging av eksisterande hytte. Vidare utvikling i dette området må ta utgangspunkt i ein disposisjonsplan og gjeldande verneregler. Generelt bør nye eller restaurerte bygg settast opp på eksisterande gamle tufter, evt. med ”moderne” tilpasningar som til dømes tilsvarande grunn, men noko auke i høgda. Der dette medfører at bygg må settast opp gavl mot gavl, kan brannmurar redusera brannfarene.



Frå Espedalsstolen; bygg av ulik alder, behov for skjøtsel av gamal lynchhei . Foto: Ukjent

Normalt vert det gitt løyve til oppattbygging av bygg som er gått tapt i brann eller ved anna naturskade. I sjeldnare tilfelle, t.d. dersom bygget hadde ei uheldig plassering i høve til verneverdiane, bør dette kunne setjast opp andre stader, eventuelt utanfor verneområdet.

Kulturhistoriske bygg

Det er ikkje generell heimel til å byggja på gamle tufter. Ein kan likevel søkje om løyve til restaurering av meir eller mindre nedfalne bygningar der det avgjerande føremålet er å ta vare på bygg som kulturhistoriske element i området. Det bør i tillegg vere eit konkret behov for bygget, t.d. aktivt landbruk, friluftsliv og skjøtsel. Bygg skal setjast opp på eksisterande tufter og storleiken skal tilsvara tufta. Ein må likevel først vurdera verdien av tuftene slik dei ligg som landskapselement og kulturminne, og om nybygg på tuftene er tilrådeleg. Bygg som ligg i kulturlandskap/stølsområde med aktiv tradisjonell drift og andre bygg, bør prioriterast framføre område utan drift og utan eksisterande bygg. I tillegg vil ein kunne prioritera bygg som kan ha ein sambruksfunksjon i høve til friluftsliv/landbruk. Dispensasjonsheimelen gjeld ikkje bygg der hovudføremålet er utleige eller fritidshytte.

Ved oppattbygging av nedfalne bygningar og bygg som har kulturhistorisk verdi, skal kulturminnestyresmakta vera med å setja vilkår for utforminga.

Nye bygg for landbruksdrift og anna næringsutvikling

Sjå kartvedlegg med stølar/hytter i *Verneplan for Frafjordheiane*.

Grunneigarane i Sirdal har meldt interesse for formidling av kulturhistoria kring bruken av heia. Dei ønskjer å få til auka aktivitet i stølsmiljøa (restaurering av bygg og organiserte arrangement) og ber om at vernet ikkje vert til hinder for konkrete tiltak i høve til dette. Døme på dette kan vere sommaraktivitet ved Grunnetjørnsstølane ved Valevatnet.

Det er høve til å søkja om løyve til å setja opp nye bygg som er naudsynte i samband med landbruksdrift, t.d. hytter for tilsyn og sinking av sau, eller enkle bygg for husdyra, vedlager eller liknande. Nye bygg berekna på utleige eller jakt og fiskehütter fell ikkje inn under dette.

Følgjande vilkår skal leggjast til grunn for vurdering av løyve til nye bygg og aktivitet i samband med landbruksdrift:

- I sentral- og randområda til villreininteressene skal omsynet til denne arten vere avgjerande (tidspunkt, type tiltak, mogleg forstyrring).
- Søkjar må vera grunneigar/rettshavar i området.
- Søkjar må kunne syna til dokumenterte og konkrete næringsbehov ved at bygget er knytt til driftsform som utgjer ein vesentleg/viktig del av det samla driftsgrunnlaget på garden. Retningssjøvande grense for eigedom i verneområdet vert sett til 3000 dekar (som i SVR).
- Avstanden til næringsområde/interesseområde må vera meir enn om lag ein times gange frå veg.
- Søkjar må ikkje eiga eller disponera andre tilsvarende bygg i eller i nærliken til det aktuelle området (meir enn ein times gange). Dersom søker allereie disponerer bygg som vert nytta til utleige, kan det ikkje pårekna dispensasjon for å setja opp nye landbruksbygg.
- Dersom fleire grunneigarar (t.d. sameige) har behov for landsbruksbygg i det same området, bør det helst setjast opp fellesbygg i staden for fleire private bygg.
- Driftshytter i fjellet skal ikkje vera større enn maksimalt 40 m^2 (vertikalt projisert, inkludert utstikk, terrassar og tilbygg, reiskaps- og vedlager, toalett).

Ved løyve til nye bygg vil det bli stilt vilkår om best mogeleg plassering i høve til terrenget. Nybygget skal ikkje vera til hinder for tradisjonelt friluftsliv eller driftsvegar/stiar. Eventuelle bygg bør helst setjast opp i tilknyting til eksisterande bygningsmiljø, men utan å redusere verdien av eksisterande kulturlandskap. Bygga skal oppførast i naturmateriale med trekledning, og torvtak/stein og vera tilpassa lokal byggjeskikk. Sjå elles vilkår nemt ovanfor. Fylkeskonservator skal vera med å setja vilkår for nye bygg som ligg i område med kulturminneinteresser.

Turisthytter og bygg til frilufts føremål

Sjå vernekart med inntekna sti- og hyttenett, og kap. 2.3.2 om hyttekapasitet med meir.

Stavanger Turistforening har i 2006 fått dispesnasjon med vilkår til full renovering, utviding og driftsbygg ved Langavatn-hytta.

Foreninga har i fleire år peika på kapasitetsproblem på hytta ved Blåfjellenden, som er ein "flaskehals" i høve større kapasitet og høge besøkstal på Sandvatn, Flørli, og tur/retur-besøk frå Hunnedalen. Noko auka besøk kan og ventast etter nybygget på Månen. Stavanger Turistforening meiner at området mellom Hunnedalen og Flørli vil bli ein hovudtrasé gjennom området og at problemet med overnattingskapasiteten berre vil vekse. Stavanger Turistforening har i 2006 fått dispensasjon med vilkår til å utvide på Blåfjellenden. Målet er ikkje å auka trafikken, men ha eit tilfredsstillande og balansert tilbod i høve ferdselsaktiviteten pr. 2005.




Stavanger Turistforening si hytta i kveldslys ved Blåfjellenden Foto: Ståle Undheim

Stavanger Turistforening har rusta opp hyttene på Skåpet og Flørlistølen, som ledd i Lysefjorden rundt. Desse kan brukast/leigast av interesserte.

Jæren friluftsråd har per i dag ikkje planar om ytterlegare utviding av bygningsmassen på Mån, men utelukkar ikkje at det seinare kan bli aktuelt å søkja om utviding av lagerbygg eller liknande.

Hyttene til Jæren Friluftsråd og Stavanger Turistforening vil ha ein langt vidare funksjon enn private hytter til fritidsutleige. Dei fungerer som eit fellesgode for allmenta, ikkje minst for den store folkemengda på Jæren der tilgjenge til utmark er sterkt avgrensa. Dagens Stavanger Turistforening-hytter har også ein systematisk kanaliserande effekt i høve ønskje om å styra ferdsel utanom sårbare områder.

Overnattingstilbodet i området er godt. Det er heller ikkje ønskjeleg med ei vesentleg standardheving som vil føra til auka press på miljøet. Ein vil difor vera restriktiv i høve til å utvikling frå ubetente til betente hytter fordi det vil kunne føre til auka transportbehov og slitasje. Det er heller ikkje ønskjeleg å leggja opp til sanitærloysingar som fører til utslepp av spillvatn.



Villreintrek (lys gult), hytter og regulerte vatn (oransje) i austlege område.

Kjelde: K.P. Paulsen, SVR

Turisthyttene Sandvatn og Langavatn ligg i område som tidvis blir nytta til vinterbeite, kalving, og sommarbeite for bukkar av villreinen. Utviding av ei eller begge desse hyttene kan føre til auka ferdslé i området og vil såleis kunne vera konfliktfylt i høve til villreinen.

Ein ser behovet for noko auka kapasitet på Blåfjell, men ikkje slik at det på ny skapar ubalanse i høve kapasiteten på Flørli og Sandvatn.

Planane frå STF om utviding på Langavatn vart drøfta i tilsynsutvalet den 19.06.06. Flytting av Longavatn-hytta, til dømes til Låtervikvatnet langs nye Lysefjord-ruta, vil kunne vere føremålstenleg i høve målet om å ”restaurera” villrein-korridoren frå austlege sentralområde, sjølv om nok dei største hinder i så måte ligg lenger aust. Samstundes vart det peikt på verdien av hytta for dagsetappar til Sandvatn og Blåfjellenden. Det vart også synt til at auka vintertrafikk kunne ha store negative følgjer for villreinen, i motsetnad til sommartid, og at vinterstenging derfor kunne vere føremålstenleg.

Forvaltningsstyresmakta vil sjå positivt på flytting av hytta for å dekka eit auka overnattingsbehov langs Lysefjord-ruta mellom Øygardsstølen – Flørli. Når hytta no vert rusta opp vil dispensasjon til eventuell ny hytte i Lysefjord-ruta ikkje kunne pårekna. Fylkesmannen ser klart behov for ein grundigare og oppdatert analyse av tilhøva for villreinen i dette austlege ”korridor”-området. Aktuelle tiltak som til dømes flytting av bygg og ferdsselsruter må deretter vurderast ut frå ein meir samla plan der all uheldig påverknad blir tilstrekkeleg vektlagt, inkludert ny hyttebygging og påfølgande motorferdsel (næringskøyring) aust for vernegrensa.

Ved søknad om tilbygg, sikringsbu eller andre bygg, må slitasje og evt. tilretteleggingsbehov vurderast.

Vidare i forskrifta er det opna for å kunne gje løyve til tilbygg og andre mindre bygg til allmenne friluftsføremål. Døme på tilbygg kan vere toalett og vedhus, mens mindre lagerbygg, kvilebuer og gapahuker er døme på mindre bygg. I utgangspunktet er det ikkje ønskjeleg med nye bygg innanfor verneområdet. Slike tiltak må eventuelt handsamast av forvaltningsstyresmakta etter søknad. Det bør berre opnast for bygg som skal dekkja heilt spesielle behov. Eventuelle nye friluftslivsbygg innanfor verneområdet skal vera opne for allmenta og ikkje ha privat karakter. God landskapspassering og avstand til sårbare naturelement er viktig. Storleiken på utviding av bygningsmassen skal vurderast i kvar einskild sak.

Det er tidlegare reist forslag om ei naudbu/kvilebu på Kjerag-plata (sone 1). Dette området er spesielt sårbart i høve til inngrep, og ferdslé i dette området skjer på eige ansvar på naturen sine premissar. Dispensasjon til slikt tiltak vil ikkje kunne pårekna, men området kan framleis nyttast som eit høgaktivetsområde for friluftsliv og reisliv, utan fysiske tiltak.

Vegar

Regelverket gjer ikkje opning for å anlegga nye vegar. Det skal heller ikkje etablerast faste kjøretrasear som med tida utviklar seg til vegar/trasear, jf. også barmarkskjøring i kap 6.5. Standardheving av veg, til dømes opprusting av sti og fjerning av stein som gjer at ein kan koma fram med motoriserte kjøretøy (traktor, terrengbil eller liknande), er heller ikkje tillate innanfor verneområdet. Regelverket er ikkje til hinder for vanleg vedlikehald av veg, men det

må skje på ein slik måte at vegen ikkje endrar karakter. I tvilstilfelle må forvaltningsstyresmakta kontaktast på førehand.

Klopper og bruer

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bygging av bruer og klopper. Nærare retningsliner for tilrettelegging for friluftsliv er omtala i kap. 6.4.2. Ved nye anlegg er tilpassing til lokal byggjeskikk viktig, likeeins at eventuelle spor etter tidlegare anlegg (kulturminne) vert sikra. Ein skal og vurdere om slike anlegg fører til press på sårbare område eller område der det kan oppstå konfliktar med næringsutøving. Dispensasjon i høve til dette krev søknad med detaljert lokalisering og teikning. Ein kan setja vilkår om synfaring med kulturminnestyresmakta.

Teleliner og -anlegg

Forvaltningsstyresmakta vil ha ei særskilt restriktiv haldning til framføring av nye teleliner, antennemaster og liknande anlegg i området.

Skilting

All skilting er forbode innanfor verneområdet. Søknader om skilting må håndterast som dispensasjonssaker etter § 4, men ute i terrenget vil forvaltningsstyresmakta berre vurdera dispensasjon til heilt enkle skilt som er absolutt naudsynte i samband med til dømes faresituasjonar, kraftanlegg, husdyromsyn eller i meir intensivt nytta friluftsområde med stort press på naturverdiar og tradisjonelle landbruksinteresser. Informasjonsskilt om verneområdet må plasserast utanfor vernegrensa ved sentrale innfallspunktar.

Kystverket sine anlegg, fortøyingsfeste, brygger og naust

Av anlegg har kystverket berre fyrlykta på Geitaneiset i Lysefjorden innanfor verneområdet. Verneforskrifta er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av fyrlykta, samt naudsynt motorisert ferdsel i samband med dette. Ein vil gje løyve til fleire slike anlegg dersom det skulle vise seg naudsynt av omsyn til tryggleiken på sjøen.

Ein vil være særskilt restriktiv i høve til søknadar om oppføring av brygger og naust innanfor verneområdet.

6.7 Jakt og fiske

Verneforskrifta sett forbod mot: Innføring av nye dyreartar. (§ 3 pkt.. 3.1).

Verneforskrifta er ikkje til hinder for: Jakt etter føresegne i viltlova (§ 3 pkt.. 3.2). Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova (§ 3 pkt.. 3.3).

For motorferdsle i samband med jakt, fiske og kalking - sjå kap. 6.5

Forvaltning av viltressursar

Jakt innanfor verneområdet er beskrive i verneplanen kap. 2.1.5 og denne forvaltningsplanen kap. 2.3.3. Jakt skal drivast i samsvar med viltlova.

Rovviltforvaltning

Forvaltning av rovvilt vil følgja dei retningslinjer og planar for rovviltforvaltning som vert gitt av Stortinget. Landskapsvernet har ikkje særskilte reglar i høve til dette.

Fiske og fiskekultiveringstiltak

Fiske innanfor verneområdet er beskrive i verneplanen kap. 2.1.6 og i denne forvaltningsplanen kap. 2.3.3.

Fiske skal drivast i samsvar med lov om lakse- og innlandsfiske. Innføring av nye fiskeartar eller andre næringsdyr for fisk er forbode. Alle søknadar om fiskekultivering skal handsamast av Fylkesmannen og all utsetting av fisk må skje i samsvar med *"Forskrift om utsetting av fisk og andre ferskvannsorganismer"*. Ein legg til grunn at utsetting av fisk vil kunne skje i den grad det har vore praktisert tidlegare, men det skal berre setjast ut stadeigen fisk. Utsetting av bekkerøye er ikkje tillate. Utsetting av fisk i nye vatn skal avklarast med forvaltningsstyresmakta. Normalt vil ein gje løyve til dette, med unntak av når det er fare for at utsetting vil kunne endra det biologiske mangfaldet.

Kalking vil kunne halda fram i det omfanget det har i dag, men motorisert ferdsle i samband med dette krev eigen dispensasjon. Kalking av nye vatn må avklarast med forvaltningsstyresmakta.

6.8. Reiseliv og anna ny næring

Verneforskrifta sett forbod mot: Oppføring og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretningar, bygging av vegar og rasteplassar, bryting av stein, mineral og fossil, bruver og klopper og oppsetting av skilt. (§ 3 pkt.. 1.1). Anna organisert ferdsle som kan skade naturmiljø (...) (§ 3 pkt.. 4.2). Motorferdsel på land, i vatn og luft (§ 3. pkt.. 5).

Verneforskrifta er ikkje til hinder for: Vedlikehald av bygningar. Vedlikehald av vegar og anlegg som ikkje fører til endra bruk eller funksjon (§ 3 pkt. 1.2 c og d). Vedlikehald av merka stier, løyper, skilt, bruver og klopper (§ 3 pkt..1.2.e).

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til: Ombygging og utviding av eksisterande bygningar og anlegg i samsvar med forvaltningsplanen (§ 3 pkt. 1.3 a). Oppattbygging av bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade, og oppattbygging av nedfalte bygningar som hører heime i det tradisjonelle bygningsmiljøet i området og som vil vera kulturhistorisk verdifulle (§ 3 pkt.. 1.3 b). Bygging av bruver og klopper (§ 3 pkt.. 1.3 c). Tilbygg og andre mindre bygg til almenne friluftsføremål, i samsvar med forvaltningsplanen (§ 3 pkt.. 1.3 f).

Frå grunneigarhald har det vore nemnt som aktuelt å utvikla eit kommersielt tilbod knytt til den store ferdsla til Blåfjellenden og Røssdalens, utan at dette har blitt meir konkretisert. Hytteutleige kan verta meir aktuelt som del av ei satsing på turisme.

Forsand kommune har vore oppteken av at kommunen sin reiselivsstrategi ikkje må bli hindra av vernet; særskilt for Lysefjorden og Kjeragområdet. Spesielt har dei peikt på høve til helikoptertransport til Kjerag i samband med marknadsføring.

Fylkesmannen i Rogaland har teke initiativ til prosjektet *Næringsutvikling i og ved verneområder* (tilknytta ”Regionalt utviklingsprogram”). Med utgangspunkt i dei respektive landskapsvernombordet deltek kommunane Suldal, Hjelmeland, Forsand og Gjesdal i prosjektet. Siktemålet er ”auka verdiskaping gjennom natur- og kulturbasert næringsutvikling”; herunder innspirera til bygdeutvikling, entrepenørskap og nytenking med bruk av verneområda og innafor rammene av ”bygdemodellen” og verneforskriftene. Bygdene Frafjord og Byrkjedal kunne høve godt som utgangspunkt. Prosjektet skal også tilstreba aktivt samarbeid og ressursutnytting i høve andre prosjekt, samt auka forståinga for både bruk og vern.

I Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane (SVR) har forvalningsstyresmakta sett fokus på berekraftig næringsutvikling i og ved verneområdet. Mellom anna gjennom prosjekt og seminar (”SVR – Gråfjell eller gull ?”) har ein teke utfordringa om korleis verneområdet kan ”flyttast” ned i bygdene og få til verdiskapning der. Gode resultat av dette arbeidet vil venteleg også kunne overførast til Frafjordheiane.

Regjeringa har i St.prp. nr 65 2002-2003 (”Fjellteksten”) gjeve signal om at ein vil opne for auka småskala, miljøtilpassa turistverksemder innanfor verneområdet dersom det ikkje kjem i konflikt med verneføremålet. Ein har også sagt at det som regel vil vere enklare å få løyve til tilrettelegging for slik verksemder innanfor landskapsvernombordet enn i nasjonalparkar. I MD sitt framlegg til vernevedtak heiter det at Lysefjorden med Preikestolen og Kjerag står sentralt i samband med reiselivsutviklinga, og at verneplanen vil kunne ha ein positiv verknad for reiseliv og turisme ved merkevarebygging knytt til området, men der berekraftig reiseliv ikkje må skje i konflikt med verneverdiane. Fråver av støy er ein viktig del av merkevaren og skal tilstrebast, til dømes ved vurdering av motorisert ferdsle. MD viser vidare til at ein må ta stilling til nye etableringer i turistnæringa når eventuelle konkrete planar om dette ligg føre, ved handsaming etter § 3 eller § 4 i forskrifta.

Forvalningsstyresmakta legg til grunn at Kjeragplatå (sone 1) forsatt vil kunne ha status som høg aktivitetsområde for friluftsfolk og reiselivsfokus, men utan unødig tilrettelegging eller motorisert ferdsle.

Forvalningsstyresmakta tek sikte på å følgje opp desse føringane ved å medverke til fruktbart samarbeid om ideskaping og virkemiddelbruk blant lokale initiativtakar, kommune og regionale styresmakter og organisasjonar. Prosjekt og næringstiltak som bygg på og foredar vernekvalitetane ved hjelp av lokale entrepenørar vil bli prioritert.

Lokalisering av tyngre kommersielle tiltak må skje utanfor verneområdet, og slik at verneområdet sitt potensiale og anna verdiskaping i området vert best mogleg nytta og samordna. Slik skal ein spesielt unngå uheldig bit- for bit-tiltak, sikra opne landskapskorridorer, og unngå auka press mot sone 1-området og sårbare delar av sone 2. Plan- og bygningslova vil der vere det sentrale virkemiddelet.

MD syner også til retningslinene om auka verdiskaping i fjellområda i høve organisert tradisjonell turverksemder til fots. Det skal ikkje skiljast på om tiltaket er kommersielt eller ikkje-kommersielt. Det inneber at private selskap uhindra av vernet kan gjennomføra

tradisjonell turverksem til fots så lenge det ikkje er fare for skade på naturmiljø. Ved fare for slik skade, på kort eller lang sikt, skal det vurderast av forvaltningsstyresmakta i forkant.

For helikoptertransport til Kjerag - sjå kap. 6.5

For bygningar/anlegg - sjå kap.6.6. Generelt vert det opna for auka næringsmessig utnytting av eksisterande bygningsmasse, men der bruksendring krev eige løyve etter PBL. Jakt- og fiskehytter, utleigehytter og liknande er ikkje å rekne for husvære til landbruksdrift.

Kapittel 7

Tiltaksplan

Denne delen av forvaltningsplanen inneholder ein tema-oversikt over kva tiltak og forvaltningsoppgåver forvaltningsstyresmakta meiner bør gjennomførast i området.

Dei ulike tema er omtala i forskjellige underkapittel. Konkrete tiltak er oppsummert i tabell til slutt i kvart underkapittel. Til slutt følgjer også ein oversikt over aktuelle finansieringskjelder

Verneføremålet ligg til grunn for alle tiltak i verneområdet. Forvaltningsstyresmakta skal arbeida for at aktuelle tiltak vert gjennomført i samarbeid med grunneigarar og eventuelt andre lokale/regionale aktørar. Grunneigarar skal alltid kontaktast før fysiske tiltak vert gjennomført. Sjå elles prinsipp, mål og strategiar (kapittel 3), soneinndeling (kapittel 5) og føringar for forvaltninga (kapittel 6).

Heimelsgrunnlag for merking, skjøtsel og tilrettelegging

Naturvernlova gjev avgrensa heimel til å setja i verk tiltak innanfor verneområdet.

Forvaltningsstyresmakta har heimel i naturvernlova til:

- Å setja opp grensemerke og informasjonstavler.
- Å setja i verk landskapsmessige tiltak for å oppfylla verneføremålet og å oppretthalda verneverdiane, t.d. tilrettelegging og skjøtsel. Skjøtselstiltak skal ikkje innebera råderettsinnskrenkingar for grunneigaren utover det som er fastsett i verneforskrifta.
- Å setja i gang tiltak for å hindra uønska naturlege prosessar (t.d. attgroing av kulturmark) som i vesentleg grad vil endre verneverdiane.

Forvaltningsstyresmakta kan ikkje:

- påleggja private rettshavarar å utføra skjøtselsoppgåver.
- gjera biotopendrande tiltak i landskapet som medfører vesentlege endringar i forhold til naturtilstand ved vernetidspunktet (t.d. etablering av kunstige vatn, øyer o. l.).
- setja opp varige tekniske anlegg med tanke på friluftslivet (t.d. bygg, fugletårn), utan løyve frå grunneigar. Slike tiltak fører til varige bruksendringar av areala. I tillegg til å få grunneigars løyve må forvaltningsstyresmakta søke om dispensasjon frå vernereglane. Søknaden skal da handsamast av ein ”sette-forvaltningsstyresmakt”. Der kommunen er forvaltningsstyremakt og søker skal fylkesmannen handsama dispensasjonssøknaden.

Praktisk gjennomføring og prioritering

Dei konkrete forslaga må få ei meir detaljert utgreiing etter kvart som det vert aktuelt med gjennomføring. Forvaltningsstyresmakta vil prioritere innsats og forvaltningsbudsjett til dei tiltaka som er nemt i tema-tabellane nedanfor. Ein vil og prioritera tiltak som inneber samarbeid med og bruk av lokale aktørar og ressursar. Så langt som råd bør tenestar/varer kjøpast av grunneigarar i området. Normalt skal tiltak følgje prinsippa i DN- handbøkene nr. 17 - 2001, og nr. 27 – 2006.

7.1 Informasjon

Eksisterande informasjon om området

Det er sett opp ei informasjonstavle om Frafjordheiane på parkeringsplassen på Eikeskog og i utstillinga på Mån. I tillegg til dette er det gitt ut fleire turbøker om Frafjordheiane. Stavanger Turistforening har gitt ut fleire publikasjonar med informasjon om naturkvalitetar og opplevingsverdiar i Frafjordheiane. Den nyare turhandboka ”Heiene mellom Gjesdal og Forsand” (Thomsen, H. 2002) inneholder informasjon om opplevingsverdiar, dagens og tidlegare tiders sin bruk og ei rekke turforslag i Frafjordheiane.

Informasjonsbehov

Forvaltningsstyresmakta har behov for å få ut informasjon til brukarar og allmenta om:

- Grensa for verneområdet
- Føremålet med vern av området
- Reglar og omsyn for ferdsle i området, herunder meldingsinformasjon i høve til husdyrdrift.
- Natur- og kulturverdiar i området
- Løypenetett og turmoglegheitene i området.

Målgruppa for informasjonen er i utgangspunktet alle typar brukarar av området. Dialog med og informasjon til grunneigarar og andre brukargrupper er omtala i kap 7.5. Sjå elles konklusjonar frå spørjeundersøkingar i kap. 2.3.2.

Grensemerke og verneskilt

Grensemerke skal setjast opp i knekkpunkt for vernegrensa. Merkinga er heimla i § 1 i verneforskrifta etter naturvernlova, og skal praktisk gjennomførast etter prinsippa i DN-handbok 17-2001. Ved naturlege innfallsportar er det aktuelt å setja opp verneskilt som syner vernestatus. Grensemerke og verneskilt er standardiserte for alle område som er verna etter naturvernlova.

Informasjonstavler

Nye informasjonstavler bør plasserast like utanfor verneområdet eller ved vernegrensa, jfr.. tabellprioritering.

I Røssdalen bør informasjonen supplerast med informasjon om spesielle omsyn ein bør ta ved bruken av dalen til telting/rasting.

Skilting inne i verneområdet er ikkje tillate, men turisthyttene er aktuelle stader for oppsetting av informasjonstavler om verneområdet, evt. også informasjonspermar, etter nærmare avtale med Stavanger Turistforening.

Den viktigaste informasjonen på tavlene og i informasjonspermane bør vere fleirspråkleg. Direktoratet for naturforvaltning har utvikla eigne måler for infotavler, både for landskapsvern- og naturreservat-område, jfr. også DN-handbok 2006-27.



**Den nye informasjonstavla på parkeringsplassen på Eikeskog.
Foto: Fylkesmannen, miljø**

Informasjonssenter

Hovudinformasjonen om Frafjordheiane er i dag på Jæren Friluftsråd sitt anlegg på Måna. Noverande informasjon på Sirdal Fjellmuseum er spesielt retta mot Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane, men ein bør vurdera å nytta også dette anlegget som ein informasjonskanal om Frafjordheiane. Andre aktuelle stader er Lysefjordsenteret på Oanes, Byrkjedalen, og Øygardsstolen der det allereie vert informert om naturverdiar i og rundt Lysefjorden. Det kan også vera aktuelt med informasjon i den gamle kraftstasjonen på Flørli.

Kulturminne

Ein plan for informasjon om kulturminne må eventuelt utarbeidast på eit seinare tidspunkt. Viktige kulturminne er kartfesta i tur- og handbøker, m.a. boka ”Heiene mellom Gjesdal og Forsand” (Thomsen 2002). Informasjon om kulturminne/kulturverdiar må utarbeidast i samarbeid med kulturetaten i den aktuelle kommunen, Rogaland fylkeskommune og Arkeologisk museum i Stavanger.

Internett

Det bør utviklast eigne internett-sider om verneområdet, som eit samarbeidsprosjekt mellom forvalningsstyresmakt, lokale og regionale aktørar. Sidene kan gje informasjon om føremålet med vern, vernereglar, naturverdiar, kulturhistorisk stoff, landbruksdrift og bruksomsyn, turløyper, overnattingstilbod og andre tilbod i samråd med lokalt næringsliv/kommunen.

Brosjyre

Ei eiga brosjyre om verneområdet kan distribuerast på Mån, turisthyttene og eventuelt av turistkontor/turarrangørar. Brosjyren bør ha opplysningar/innhald tilsvarende det som er beskrive under informasjonstavler/internettsider.

Naturlos/guida turar

Organiserte turar med kjentfolk som kan informera om området/naturverdiar er positivt så framt det skjer på ein måte som ikkje skader verneverdiane, forstyrrar sårbar fauna og fører til slitasje m.m. Stavanger Turistforening/kommunale kulturkontor står ein rekkje stader bak slike arrangement. Det kan og vera aktuelt for andre aktørar, som t.d. grunneigarar, å etablera meir ”kommersielle” tilbod som eit ledd i satsinga på turisme. Forvalningsstyresmakta vil mellom anna kunne yte fagleg bistand, peike ut aktuelle område og liknande.

7.1.1 Prioritering av informasjonstiltak

Tiltaka er her vist med prioritet, der 1 er tiltak som bør gjennomførast først og 5 er dei ein kan vente lengst med.

Tiltak	Plassering	Prioritering	Merknader. Aktuelle samarbeidsaktørar
Grensemerke	Knekkpunkt i vernegrensa	1	Statens Naturoppsyn
Verneskilt	Der stiar og veger kryssar vernegrensa	1	Statens Naturoppsyn
Informasjonstavler	Røssdalen	1	Friluftsråda, Stiftinga Kjerag Stavanger Turistforening, Statens Naturoppsyn og grunneigarar. Initiativ frå grunneigarar Øyren 2005.
	Øygardsstolen	1	
	Futasete	1	
	Flørli	2	
	Øyren i Frafjord	1	
	Vinddalen	2	
	Lortabu	2	
	Turisthyttene	3	
	Norddalen	3	
	(Mån) (Eikeskog)	Ferdig 2004 Ferdig 2004	
Utvikle internett-	Linkar til f.eks:	2	Reiselivet, friluftsråda,

sider friluftsliv, reiseliv, næringsutvikling	www.fylkesmannen.no www.frafjord.info.no www. Stavanger-Turistforening.no		kommunane, Statens Naturoppsyn, fylkesmannen, "Lysefjorden rundt", Stavanger Turistforening, næringsføretak - Opplevingar - Løyper, hytter - Overnattingstilbod - Gode eksempel næringsutv.
Utvikle internett sider Forvaltning	Aktuelle linkar	2	Presentasjon og aktuelle linker om: - Oppdatert tiltaksplan - Gjennomførte tiltak - Tilskotsordningar og gode praktiske eksempl - Naturtilstand - Rådgivning/kontakt
Info-permar natur, landbruk og kulturminne.	Turisthyttene	2	Stavanger Turistforening, bondelag
Informasjonssenter	Mån. Fornying og vidareutvikling eks. utstilling Flørli Øygardsstolen Kvæven Lysefjordsenteret	2 3 3 4 4	Aktuelle eigarar/aktørar Prioritering i nær dialog med tilsynsutval.
Brosjyre	Turisthytter Informasjonssentra Turistkontor	3	Stavanger Turistforening, friluftsråda, Rogaland fylkeskommune og reiselivet
Undervisningsmateriell	Mån BUIN-prosjektet	4	Jæren Friluftsråd kommunale skulekontor
Guida turar/Naturlos	I område med spesielt store opplevingsverdiar.	5	Stavanger Turistforening, andre organisasjoner , grunneigarar/næringsutvikling

Informasjon om kulturminne	Etter nærmere utgreiing.	5	Rogaland fylkeskommune og Arkeologisk museum.
-----------------------------------	--------------------------	---	---

7.2 Tilrettelegging

Det er grunn til å tru at friluftslivsbruken av Frafjordheiane vil auka i tida framover. Dette er i seg sjølve verdifullt for den einskilde. Det er og i samsvar med nasjonale mål i høve god folkehelse og vil kunne auke grunnlaget for lokale reiselivsverksemder. På den andre sida kan auka ferdsle føre til slitasje på naturen og konflikt med viltinteresser og husdyrbruk.

Tilrettelegging og kanalisering vil vera aktuelle tiltak i høve til å avdempa slike brukarkonfliktar.

Prinsipp for tilrettelegging i verneområdet

Alle tilretteleggingstiltak må utførast i samsvar med dei føringar og avgrensninga som er gjevne i verneforskrifta. Dette gjeld både ny tilrettelegging og vedlikehald av eksisterande. Ein syner her til kap 6.4.2 for retningsliner for tilrettelegging.

Aktuelle tilretteleggingstiltak

Behovet for nye stitraser vert vurdert som lite. Det er i dag eit omfattande løpenett innan verneområdet, både om sommaren og vinteren. Utfordringa ligg heller i å forvalte områda som er att utan nokon eller med minimal tilrettelegging. Store samanhengande turområde utan tilrettelegging vil for mange kunne vere ei stor naturoppleving, difor er det i kapittel 6.4 vist til at ein skal unngå ny tilrettelegging i villmarksprega område.

Aktuelle tilretteleggingstiltak i verneområdet er til dømes vedlikehald av eksisterande løpenett (merking, klopper, bruer), justering eller omlegging av eksisterande ruter for å få trasear som er mindre slitasjeutsette og for å avdempa konflikt med sårbare naturverdiar og næringsutøving. I spesielle område med stor ferdsle og därleg tryggleik kan innretningar som trapper, handkjettingar, rekkverk m.m. være aktuelt på korte strekningar for å gjera det enklare og sikrare for folk å koma fram (Kjerag, Mån). Som påpeika i kap. 6.4 vil ein likevel vere varsam med å gje løyve til slike tiltak, då dette kan føra til ei uønska utvikling i omfang og nivå på tilrettelegginga. Alle tiltak krev samtykke frå grunneigar.

Merking av nye trasear

Stavanger Turistforening har i 2005 grovmerka ny løype Kjerag – Flørli – Vindalen, som ledd i ”Lysefjorden rundt”-løypa. Det står att noko kvalitetssikring og fjerning av gamle rutedalar.

Ein del av dei gamle vegane i området er så lite i bruk at dei er i ferd med å gro att. Det kan verte aktuelt å ”gjenopne” desse ved enkel merking og rydding, og knytte dei til eksisterande merka rutenett. Dette tiltaket er og drøfta i kap. 7.4.

Utbetting/omlegging av løyper

I området rundt Sandvatn/Langavatn kan det oppstå konflikt mellom villreinbehov og turistløypa/turisthyttene. Desse delane av verneområdet ligg innafor det såkalla ”nasjonale og europeiske villreinområde”, som skal ha spesiell overvakning og omsyn. Turferdsle er etter

måten avgrensa i dei mest sårbare vinter- og vårmånadene. Omlegging av løyper kan likevel bli aktuelt i samband med nybygg eller evt. flytting av Longavatnhytta.

På grunnlag av ei registrering/kartlegging som vart gjort sommaren 2000, samt supplerande opplysningar i forvaltningsplanprosessen, har ein laga ei prioriteringsliste for utbetring av stinettet, jamfør tabell nedanfor.

Røssdalen

Røssdalen vert mykje nytta til tur og telting. I regi av Ryfylke Friluftsråd er det sett opp toalett og avfallsdunkar ved parkeringsplassen ytterst i dalen. Det er planar om å utvide denne. Det er behov for ein samla skjøtsel- og tilretteleggingsplan for området; fylkesmannen har utarbeida ein førebels planskisse med tema som avfall, toalettilhøve/nytt bygg, slitasje og skader på mark og skog, retningsliner for hogst, bålbrening, informasjon, omlegging stiar med meir. Det er gitt større tilskot til slikt arbeid i Røssdalen, i nært samarbeid med grunneigarane. Ein del av dette er utført i regi av Forsand kommune i 2006.



Sletta i Røssdalen, sone 3, er mykje nytta til telting. Opprydding av bålpassar, muring av nye gruver, oppsetting av toalett og skilt i 2006. Foto: FM, miljø

Avfall

Avfall er eit relativt lite problem innanfor verneområdet. På dei opparbeidde parkeringsplassane og turisthyttene er det i dag etablert avfallsløysingar. Målsettinga må vera at den einskilde tek med seg avfallet. Med unntak av Mån er det ikkje ønskeleg at det vert etablert fleire avfallsordningar innanfor verneområdet.

Vedlikehald

Forvaltningsstyresmakta har ikkje ansvar for andre aktørar sitt vedlikehald av merking og tilrettelegging på stiane. Ein vil likevel oppmode og medverke til dette, då dette gjer at fleire brukar området og fordi det har god kanaliseringseffekt.

7.2.1 Prioritering av tilretteleggingstiltak

Område / utfordring	Tiltak	Prioritering	Merknader. Aktuelle samarbeidsaktørar
Sti Eikeskog- Måns Stor slitasje	Målretta tilrettelegging med trapper, rekkverk, steinsetting, tilrettelegging av utkikkspunkt og drenering.	1	Jæren Friluftsråd. I hovudsak utført 2004/2005. Vedlikehald og utbetring. Betydelig off. finansiering.
Måns Uheldig plasserte gruer og vedhogst.	Etablering av permanente gruer og teltplassar. Vedordning.	3	Kommune, Jæren Friluftsråd. Fylkesmann-tilskot 2005
Fidjadalen. Kupert i ur og usikker sti i flaumperiodar.	Betre varding og/eller alternativt omlegging av sti.	3	Stavanger Turistforening / Jæren Friluftsråd. Sone 1 – område (ingen større tiltak)
Røssdalens. Slitasje på sti aust for vatnet	Omlegging av sti eller steinsetting.	1	Kommunen i lag med elevbedrift ung.skule. Finansiert 2005. Ferdigstilt 2006
Ur i Røssdalens. Svært kupert terreng.	Betre varding og vadestinar over elv til sørsida av dalen	2	Ryfylke Friluftsråd og kommunen. Utført 2006
Røssdalens. Uheldig plasserte gruer. Avfall og skade på vegetasjon. Toalettloysing.	Fjerning av eksisterande ”gruer”, muring av faste nye. Informasjonsskilt om avfall, bålbrenning, hogst.	1	Utført av kommune, grunneigarar, elevbedrift ung.skule: Nye permanente bålplassar etablert i 2006. Toalett og skilt klar haust 2006.
Røssdalens Utvida p-plass ved inngangen	Dagens p-plass treng utvida kapasitet	2	<u>Under planlegging</u> av kommune/ grunneigarar haust 2006
Øygardstøl- Kjerag. Utraste steinar i stien og slitasje på rekkverk.	Vedlikehald og noko utbetring av steinsetting, rekkverk, merking og varding.	1	Stavanger Turistforening Stiftelsen Kjerag Avgrensa til sone 3

Kjerag – Langavatn. Utydeleg sti og därleg merking.	Betre merking og varding. Stavanger Turistforening- omlegging av ein del av denne stien held fram i 2006	3	Ved Stavanger Turistforening
Kjerag – Flørli- Vinddalen Tilrettelegging i myr, fullføre merking	Kvalitetssikring (merking/slitasjevern) av Lysefjorden rundt-løypa	1	Ved Stavanger Turistforening
Langavatn- Blåfjellenden. Slitasje og fuktige parti på stien. Villreinomsyn	Tilrettelegging på våte parti i stien. Nedlegging gml. Løype N av Store Hogganvatn	2	Ved Stavanger Turistforening
Hunnedalen- Blåfjellenden. Stor slitasje og sti lagt uheldig i terrenget.	Tilrettelegging på våte parti og/eller justering av trasé.	2	Ved Stavanger Turistforening

7.3 Skjøtsel

Omgrepet skjøtsel omfattar dei tiltaka som forvalningsstyresmakta sett i verk for å ta vare på natur- og kulturkvalitetane i området og såleis oppfylla sentrale målsettingar med vernet. Skjøtsel skal gjennomførast på økologisk grunnlag for å ta vare på verneverdiane. Det kan til dømes vera naudsynt med brenning, hogst eller beite for å halda eit landskap ope, eller vedlikehald av kulturminne (hellarar, steinsettingar og liknande). Skjøtsel utført av estetiske omsyn (fjerning av tidlegare inngrep eller avfall, restaurering eller liknande) vil og vera aktuelt. Skjøtselstiltaka kan ikkje gå vesentleg lenger enn det som er naudsynt for å oppretthalda naturtilstand eller landskapsbiletet på vernetidspunktet.

Prinsipp for skjøtsel

Prinsipp for gjennomføring av skjøtselstiltak i verneområde:

- Skjøtselen skal utførast på ein måte som opprettheld og fremmer verneføremålet.
- Alle skjøtselstiltak bør i utgangspunktet utførast på den måten landskapet tradisjonelt har vore drive. Det er difor viktig å henta inn informasjon om lokale tilhøve.
- Før gjennomføring av tiltak, må det i nokre tilfelle utarbeidast konkrete skjøtselsplanar. Skjøtselsplanen bør rullerast i høve til oppnådde resultat.
- Ein må vera nøyne med å dokumentera naturtilstand før og etter gjennomføring av større skjøtselstiltak.

Skjøtselsboka – for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker (Norderhaug, A. m.fl. 1999) gir god informasjon og råd om aktuelle skjøtselstiltak.

Utfordringar og aktuelle tiltak

DN Rapport 1996-4 gjer greie for kriterium for utveljing og prioritering av område som treng skjøtselstiltak.

Døme på element som i stor grad er gått tapt er aktivt drivne stølar, uthus, slåtteområde og aktivt drive haustingsskogar (vedhogst/styving). Av spor som framleis er tilstade finn vi stølshus/hytter, høyloer eller rester etter slike, stakkstufter, gjerde, gamle styvingstre, beitepåverka skog, vegar og stiar. Element som vert aktivt halde vedlike med dagens bruk er opne beiteområde, stølshus/tilsynshytter og ein del driftsvegar.

Framleis opne område vil verta prioriterte framføre restaurering av allereie attgrodde areal. Det er og av større kulturhistorisk verdi at det vert drive landskapsskjøtsel i område der det er att kulturminne eller bygg som er knytt til den tradisjonelle drifta. Ein vil elles prioritera område der det er grunneigar/lokale aktørar som har ønske om skjøtselssamarbeid.

Forvaltningsstyresmakta vil elles legge vekt på å vidareføre stimuleringstiltak retta mot grunneigarar og interessentar i form av informasjon og fagleg rådgjeving, og bruk av eksisterande økonomiske støtteordningar. Fortsatt aktivt sauebeite vil stå heilt sentralt (jfr.. støtteordningar i Regionalt utviklingsprogram).

Styving, slått og brenning er gamle skjøtselsformer som berre vil vera aktuelt i spesielle delområde, i første rekke for å synleggjera denne gamle driftsforma, men også for å ta vare på biologisk mangfold. Sjå kap. 6.1 for reglar og praksis. Mån, Røssdal, Norddal er aktuelle områder, der spesielle tilskotsordningar (SMIL- tilskot) kan nyttast. I 2003 vart det brent lyng- og grashei i Mortedalen, Brekkedalen og Frafjordstøl-området.

7.3.1 Samanfatting og prioritering av skjøtselstiltak

Område / Utfordring	Tiltak	Prioritering	Merknader. Aktuelle samarbeidsaktørar
Heile området. Attgroing.	Medverka til beite ved å: Gje råd om tilskotsordningar, og bidra til prosjekt/tiltak.	1	Grunneigarar, landbruksstyresmakta og Statens Naturopsyn
Lågareliggjande område/ edellauvskog. Styvingsskogar i forfall.	Registrering av verdiar, eventuelt utarbeiding av skjøtselsplan for dei mest verdifulle områda	2	Grunneigarar
Mån. Attgroing	Skjøtselsplan, påfølgjande tiltak	1	J. Friluftsråd, Statens Naturopsyn .
Røssdal - Attgroing - Styving	Skjøtselsplan, følgje opp planlagde og finansierte tiltak	1	Grunneigarar, Ryfylke Friluftsråd og Statens Naturopsyn.

Espedalsstølen. Hålandsstølen. Frafjordstølen Vedlikehald av stølsvoll/ lynghei	Beite, styving, rydding av kratt og skog, brenning og saltstein.	2	Grunneigarar og, Statens Naturoppsyn
Andre stølsområde. Attgroing	Rydding og anna skjøtsel av beite/lyngmark	3	Grunneigarar og Statens Naturoppsyn



Røsslynghei krev tradisjonell skjøtsel, med brenning og beite. Foto: Audun Steinnes



Slåttemark på Hålandsstølen. Foto: Lars K. Dahl

7.4 Kulturminne, bygg og andre faste installasjoner

I følgje føremålet med vernet (§ 2) skal ein ta vare på eldre og nyare kulturminne. I dette arbeidet vil samarbeid med kulturminnestyresmakta og grunneigarane vera sentralt, herunder bruk av aktuelle tilskotsmidlar. Det er registrert ein heil del ulike kulturminne i området, men ein manglar ein samla oversikt. Boka "Heiene mellom Gjesdal og Forsand" (Thomsen 2002) har mykje informasjon om tema.

Verneområdet inneholder mange synlege og usynlege kulturminne, både automatisk freda fornminne og nyare objekt. Fylkeskonservatoren ved fylkeskommunane vil ha ei sentrale rolle som styresmakt etter Lov om kulturminner. Alle tiltak og saks-handsaming som kan ha følgjer for kulturminne skal også handsamast av (eller samordnast med) denne etaten. Fylkeskonservatoren si rolle som kompetanseorgan, rådgjevar og praktisk samarbeidsaktør skal generelt vektleggast i forvaltninga av området.

Jordbruk og skogbruk har svært lang tradisjon, og er med unntak av kraftutbygginga den bruken som har hatt størst innverknad på landskapet og etterlate seg flest kulturminne.

Friluftsliv har og sett preg på landskapet. I denne samanhengen er det i hovudsak kulturminne knytt til tradisjonell landbruksdrift, jakt og fiske som vert omtala.

Lista nedanfor er døme på dei vanlegaste spora ein kan finna:

- Element som er gått tapt eller er i sterkt forfall: Gardsbruk, uthus, dei fleste høyloene, løypestrenger og fundament for slike og steingardar i utmark.
- Element som framleis er tilstade: Stølshus, tufter, hellarar, stakkstufter, gangsteinar, ”brudle”, delar av det gamle sti/ vegnettet, dyregraver, automatisk freda kulturminne, installasjonar i samband med vasskraftutbygginga, vegar og bygg, minne etter løypestreng-anlegg og høyloer (m.a. nokre fint restaurerte).
- Element som vert halde vedlike ved aktiv bruk: Delar av stisystemet, driftevegar, ein del gamle stølshus/ fritidsbustader, bruer, installasjonar i samband med vasskraftutbygginga (vegar, demningar og bygg) og gjerde.

Bygg

Forvalningsstyresmakta bør saman med kulturminnestyresmakta stimulera til restaurering, og vedlikehald, og gje råd om byggjeskikk (jf. verneforskrifta § 3 pkt.. 1.3 og kapittel 7.8). I utgangspunktet bør gamle bygg restaurerast slik dei opphavleg har vore og med dei same materialtypane.

Ein bør og prioritera dei bygga/anlegga som har høgast kulturhistorisk verdi, jfr.. SEFRAK-registreringa.

Vidare vil område der det er etablert eit godt grunneigarsamarbeid verta prioritert. Det same gjeld bygg som inngår i aktiv ”stølsdrift” / skjøtsel eller der bygget vil inngå som ein verdifull del av eit større kulturminnemiljø. Generelt vil bygg som enno står oppe prioriterast framføre bygg som er nedfalne eller der berre tuftene står att. Oppattbygging av heilt nedfalne bygg vil berre unntaksvis vera aktuelt, t.d. der dei vil inngå som ein naturleg del av kulturlandskapet og kulturmiljøet, og i kombinasjon med anna bruk (t.d. på Måն og Røssdalen).

Vedlikehald av gamle ferdelsvegar/stiar

Mange av vegane og stiane i området går i eit svært bratt terreng, og dei er viktige for tilkomst inn i verneområdet. Dei utgjer viktige kulturminne og vert nytta i samband med beitedrift, men dei er og gode og terrengetilpassa ferdelsårer for friluftslivet. Det er difor viktig å oppretthalde bruk og godt vedlikehald. I tabellen nedanfor er enkelte trasear teke med, andre kan og vere aktuelle.



Gammal ferdelsveg i Norddalen.

Foto: Lars K. Dahl



Grunnmurar etter kvernhus, Måն.

Foto: Per Kristian Austbø

Hellarar og landbruksminne

Tidlegare vart hellarar nytta til overnatting i samband med landbruksdrift, jakt og fiske (Thomsen 2002). Desse kan framleis ha ein bruksverdi t.d. innanfor meir ”smale” tuttilbod for friluftsfolk. Nokre stader kan det vera aktuelt å lø opp att steinvegger rundt hellarane. Tilsvarande bør driftsanlegg som steingardar, stakketufter, murar etter kverner og løypestrenger vurderast restaurert, med prioritet i aktive skjøtselsområde (t.d. stølsområde)

7.4.1 Samanfatting prioritering av kulturminnetiltak

Område	Tiltak	Prioritering	Merknader. Aktuelle samarbeidspartnarar
I hovudsak i området mellom Espedalen og Frafjord. Ivaretaking av gamle bygg.	Rådgjeving i høve til restaurering og vedlikehald av gamle bygg Rådgjeving om aktuelle tilskotsordningar	1	Kulturminnestyresmakta, grunneigarar
Heile området Ta vare på hellarar og gamle vegar Manglande oversyn kulturminne-registreringar	Utarbeida ei liste over verdiar og tilstand på hellarar og gamle vegar, gjennomføra naudsynt merking og laga eit vedlikehaldsprogram.	2	Kulturminnestyresmakta, Stavanger Turistforening og Statens Naturoppsyn
Mån. Nedraste murar.	Sikring av gamle murar	1	Jæren Friluftsråd
Vegar i Røssdalen og Norddalen. Naudsynt vedlikehald.	Restaurering.	2	Grunneigarar, Ryfylke Friluftsråd og Statens Naturoppsyn.
Øvre Espedalsstølen. Vedlikehald av gamle stølsbygg og tilpassing av eventuelle nye bygg.	Disposisjonsplan for området. Ein disposisjonsplan gjev rammer for kva forvaltingstyresmakta vil godkjenne av vedlikehald og utbetring av bygningane.	2	Grunneigarar, kulturminnestyresmakta.

Ved Valevatn. Rester etter gamle stakktufter.	Registrering og skjøtselsplan	2	Grunneigar og Statens Naturoppsy
Veg opp Bråldalsdalen. Gjengroing	Vedlikehald av steinsettingar og rydding av vegetasjon	2	Grunneigarar, Stavanger Turistforening og Statens Naturoppsy
Sti langs Espedalsvatnet. Gjengroing av vegen.	Rydding og enkel merking	3	Grunneigarar

7.5 Kommunikasjon med brukargrupper

Det ei målsetting å få til best mogleg lokal medverknad og aksept for vernet både i høve til grunneigarar, friluftsinteresser- og organisasjoner og offentlege styresmakter. Det er gode og overlappande kanalar for samordning og erfaringsutveksling med SVR-landskapsvernområde i aust. Det nyleg oppretta tilsynsutvalet for Frafjordheiane vil vere sentral i dette arbeidet.

Sjå elles kap. 7.1 om informasjonstiltak.

7.5.1 Tiltak for å sikra god kommunikasjon

Tiltak	Prioritering
Tilsynsutvalet aktuelle oppgåver, for eksempel : <ul style="list-style-type: none"> - Informasjonsutveksling og drøftingar - Tiltaksplan prioriteringar - Felles synfaring/markvandring 1 gong/år - Kontakt og samordning SVR - Kontaktorgan for grunneigarar/bukarar 	1
Årsrapport om forvaltning og oppsyn, jfr. standardisert rapporteringskjema frå DN <ul style="list-style-type: none"> - Registreringar verdiar/bruk/skjøtsel/tilrettelegging - Dispensasjonar/evt. lovbro - Oppdatert tiltaksplan og økonomi 	1
Næringsutvikling <ul style="list-style-type: none"> - Synleggjere potensiale og gode eksempel/idear - Tydeleggjere rammene for handlingsrom i forkant av 	2

planar - Bidra aktivt for ein heilskapleg samordna regional arealplanlegging i høve næringsutvikling og villreinomsyn.	
Felles gjennomføring praktiske tiltak - jfr.. tiltaksplan skjøtsel/tilrettelegging/informasjon	2
Motorisert ferdsel Fleirårig avklaring om løyver/beredskapsplan/ logg-rapport/evaluering/overvaking med kraftselskap, Stavanger Turistforening, Statens Naturoppsyn, politi m.fl.	1

7.6 Forsking og overvaking

Verneområda våre er godt egna til langtidsstudium av naturen gjennom overvaking og forsking.

Metodisk tilrår NINA-rapport 48 mellom anna følgjande:

- 1) Forsking og overvaking av lokale faktorar må ha vitskapeleg kvalitet, gå over noko tid, og med synleggjering av resultat.
- 2) Søke tilnærming til nasjonale retningsliner/overvakingsprogram og nettverk.
- 3) Definere eigna lokale overvakingsvariablar/tema, herunder indikatorar som syner a) påverknad, b) tilstand, c) respons på tiltak.
- 4) Målretting av desse i høve særleg viktige verneverdiar og bruksinteresser (i Frafjordheiane, t.d. villrein, beite, raudlisteartar, vegetasjonsutvikling, kulturminner), trusselfaktorar og aktuelle tiltak (skjøtsel, tilrettelegging, informasjon, undervisning mm)..

Forsking og overvaking i Frafjordheiane skal søke ei slik metodisk tilnærming. Hovedmålet er å få meir kunnskap om og følgje utviklinga av verneverdiane og bruksinteresser over tid, jamfør verneføremålet. Ei god samordning med tilsvarende arbeid i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane-området er eit naturleg og viktig arbeidsmål.

Det vart gjennomført ein del natur- og friluftslivregistreringar i samband med utarbeidingsa av verneplanen (jf. kap 2). Desse var retta mot spesiell flora og fauna, samt friluftsliv. Desse bør førast vidare med kvalitetssikring, formidling og oppfølgingsplan. Pr. januar 2006 har NINA under utarbeidingsa eit undersøkingsprosjekt (TREKK-prosjektet) retta mot villreinstamma i SVR. Føremålet er å ”kartlegge m.a. reinens arealbruk, mogleg tilbakeføring av villreintrek, og følgjer for reinen i høve ulike typar utbygging/bruk av området”.

Det er ein føresetnad at overvaking og forsking ikkje fører til ueheldige inngrep og aktivitet i området.



Blåvengje trivst i sol-varme dalsider.
Foto: Tore Nielsen



Bokfinken - ein vanleg og vakker fugl i skogsliene
Foto: Baard Næss/Samfoto

7.6.1 Prioritering av forsking- og overvakingsbehov

Tiltak	Prioritering	Merknader. Aktuelle samarbeidspartnarar
Sårbare artar/raudlisteartar Ytterlegare registrering og kartfesting av sårbare artar/ raudlisteartar sine lokalitetar, samt forstyrring/truslar	1	Villreinnemnda, Statens Naturoppsyn, ornitologisk foreining m.fl.
	2	Jamfør FM-rapportar.
Villrein Overvaking av villreinens områdebruk, jaktutbytte, fokus på korridor og barrierar mot aust. Påfølgande tiltaksplan for ”restaurering” av villreinområde.	1	Villreinnemnda, Statens Naturoppsyn, Fylkesmannen i Rogaland, Stavanger Turistforening, SVR-sekretariat.
		Jamfør NINA- forskningsprosjekt, kap. 2 – friluftsliv, kap. 7.5.1 - tabell Jamfør NINA-forskningsprosjekt i SVR-området. Støtte frå m.a. Fylkesmannen i Rogaland
Skjøtsel Overvake attgроinga i utpeika sonar	1	Statens Naturoppsyn, grunneigarar og beitelag

ved flyfotografering (kvart 10. år), etablering av fastruter og jamleg registrering av talet på beitedyr. Registrering/overvaking etter økologisk skjøtsel av skog, lystgjerd, o.a.	2	
Friluftsliv Overvaking av spesielt slitasjeutsette område: Måne, Kjerag, Blåfjellenden og Røssdalen. Overnatningsstatistikk og ferdsmønster Oppfølging spørje- og preferanseundersøkingar	1 1 2	Statens Naturopsyn, Stavanger Turistforening og grunneigarar.
Kulturminne og landskap Tema-definere konkrete forskingsbehov knytt til kulturminneobjekt/-miljø og brukstradisjonar i verneområdet	1	I nært samråd med kulturminnestyresmakter.

7.7 Oppsyn

Brot på verneforskrifta

Brot på verneregler skal takast alvorleg, og forvalningsstyresmakta skal syta for at eit brot vert meldt til politiet. Saker skal meldast uavhengig av om det er privatpersonar, grunneigarar, organisasjonar, kommunar eller andre offentlege etatar som har brote regelverket. SNO vil ha eit sentralt ansvar for å avdekka og følgja opp straffbare forhold.

Statens Naturopsyn (SNO)

Statens Naturopsyn er oppretta med heimel i naturopsynslova av 1996 for å ivareta nasjonale miljøverdiar og å førebygge miljøkriminalitet. Statens Naturopsyn er organisert med ein sentraladministrasjon i Trondheim og lokale einingar spreidd over heile landet. Målet med etableringa av Statens Naturopsyn har vore å samordna og styrkja det totale oppsynsarbeidet i Noreg og utvikle eit meir heilskapleg naturopsyn. Det er førebels ikkje knytt nokon fast oppsynsstilling til Frafjordheiane, men i samband med opprettning av verneområdet vert det gjort framlegg om ein eigen stilling for oppsyn av Frafjordheiane, kombinert med oppsyn i andre verneområde i Rogaland. Inntil slik stilling er etablert ser ein det som naturleg at oppsyn i dette området vert utført av Statens Naturopsyn sitt personell i Agderfylka og/eller Rogaland, kombinert med lokalt tenestekjøp.

Det er naudsynt med oppsyn i Frafjordheiane av fleire grunnar. Det er behov for å kontrollera at verneforskriftene ikkje blir brotne og at dispensasjonar vert gjennomført etter fastsette vilkår. Spesielt skal det vera fokus på motorisert ferdslle og naudsynt overvaking av sårbare artar. Ei anna sentral side er rettleatings- og informasjonsfunksjon overfor brukarane generelt og spesielt grunneigarane.



Oppsynet kan og delta i gjennomføringa av praktiske forvaltningsoppgåver som vedlikehald av grensemerking/grenseskilt, skjøtsel, vedlikehald av tilretteleggings- og fjellsikringstiltak.

Det vil vere Statens Naturoppsyn som får hovedansvaret med eit heilskapleg og samordna oppsyn, i nær dialog med kommunane. Samtidig vil samarbeid og kjøp av tenestar frå lokale/regionale aktørar vere viktig for å sikre god effekt, ressursutnytting, lokal forankring og samarbeidsrelasjonar.

7.8 Finansiering av tiltak

Eit svært stramt og årvisst varierande forvaltningsbudsjett (som skal dekke alle verneområda i Rogaland) gir aleine berre avgrensa grad rom for finansiering av dei ulike tiltaka.

Kommunar med forvaltningsansvar vil normalt i november kunne søke dette budsjettet via fylkesmannen om midlar til konkrete tiltak. Forvaltningsbudsjettet ligg normalt føre tidleg på nyåret. I tillegg har Fylkesmannen i Rogaland dei seinare år tildelt såkalla skjønnsmidlar til bruk i verneområde, mellom anna til Forsand og Gjesdal.

Spesielt Jæren frilufsråd, Stavanger Turistforening og Ryfylke friluftsråd bidrar med betydelege årlege personal- og økonomiressursar; i større eller mindre grad med offentleg (kommunal, fylkeskommunal, statleg) delfinansiering gjennom årlege driftstilskot og tilskot til enkeltiltak.

Ei rekke andre tilskotsordningar, ikkje minst grunneigar-rella innanfor landbrukssektoren, vil kunne utgjere vesentlege finansieringskjelder spesielt i høve viktig skjøtsel av kulturmark. Dei viktigaste ordningane er a) Produksjonstilskot (dyrehald), b) Regionalt miljøprogram (dyrehald, beitetlag, arealtilskot) og c) SMIL-ordninga (inngjerding, sviing, rydding, skjøtselsplanlegging/områdetiltak). I tillegg finn eigne ordningar for bygnings- og kulturvern og miljøbasert næringsutvikling.

Tilhøva i Frafjordheiane er såleis rimeleg gode for omfattande samarbeid og samfinansiering av ei rekke av dei foreslårte tiltaka.

Aktuelle tilskotsordningar (i tillegg til forvaltningsbudsjett m.m) for prioriterte tiltak innanfor verneområdet:

Tiltakstema	Ordning	Målgruppe	Sakshandsamar
Biologisk mangfold	Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)	Gardbrukarar, lag og organisasjoner	Kommunane
Gamal kulturmark	MD tilskot natur-, vilt-, fiske- og friluftsformål. Rundskriv T-1/2006 "Tilskotsordningar for 2006"	Kommunar, lag, organisasjoner	Fylkesmannen, miljø
Tilgjenge			
Landskap			
Beitedyr i verneområde	Regionalt miljøprogram (RMP) Produksjonstilskot i jordbruket	Gardbrukarar, lag,	Kommunane Fylkesmannen,

Vedlikehald støls-landskap, støls-vegar og turstiar Skjøtsel styvingstre, kystlynghei, u gjødsla naturbeitemark Kulturminne	SMIL-ordninga www.fylkesmannen.no/miljoprogramro	organisasjonar Areal-føretak	landbruk
Desentralisert næringsutvikling m.a.: - bygdeaktivitet - tilrettelegging - utmarksnæring - informasjon	Bygdeutviklingstiltak Regionalt utviklingsprogram	I første rekke gardbrukarar, kommunar og offentlege etatar Regionråd, kommunar, organisasjonar	Fylkesmann, landbruk Rogaland fylkesk.
Viltforvaltning Kartlegging Tilrettelegging	MD tilskot vilformål. Rundskriv T-1/2006 "Tilskotsordningar for 2006"	Kommunar	Fylkesmannen, miljø
Fiskeforvaltning Kartlegging og tiltak Tilrettelegging og informasjon	MD fiske- og friluftsformål. Rundskriv T-1/2006 "Tilskotsordningar for 2006"	Grunneigarlag, jeger- og fiskeforeiningar og forskingsinstitusjonar	Fylkesmannen, miljø
Kalking og lokale fiskeformål	Statlege tilskot kalking/fisk	Private lag, organ., off. etatar	Kommunen, Fylkesmannen, miljø
Friluftsliv: - Stimulering - Haldningar - Frilufslivanlegg og opplevelingar - Drift og tilrettelegging av regionale område	MD tilskot friluftsformål. Rundskriv T-1/2006 "Tilskotsordningar for 2006" Regionalt utviklingsprogram (m.a.spelemiddel) Tilskot til friluftsføremål	Lokale lag, friluftsorganisasjonar Lag, organ. og offentlege etatar Kommunar, friluftsråd, organisasjonar	Kommunen Rogaland fylkeskommune, kultur Rogaland fylkesk. Fylkesmannen, miljø

Litteraturliste

Den Norske Turistforening m.fl., 2002: Merkehåndboka, håndbok for tilrettelegging og merking av turruter i fjellet, skogen og langs kysten.

Direktoratet for naturforvaltning 1990: Norsk sti- og løypeplan, del I

Direktoratet for naturforvaltning rapport 3 - 1999: Nasjonal rødliste for truede arter i Noreg.

Direktoratet for naturforvaltning, rapport 4 - 1996: Plan for tiltak i verneområder 1997 - 2003

Direktoratet for naturforvaltning, håndbok 17, 2001 (under revisjon 2006) : Områdevern og forvaltning

Direktoratet for naturforvaltning, rundskriv, nov. 2001: Naturvernloven - Forvaltning av verneforskrifter.

Direktoratet for naturforvaltning, 2006 – 27: Håndbok. Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv.

DN/NVE 2004: Forholdet vassdrags- /energianlegg og verneområder. Brev av 03.11.04, NVE 2004 03583-1

Finansdepartementet, 2003: St. prp.nr 65 2002-2003, "Fjellteksten".

Fylkesmannen i Rogaland, 2000: Turstiar Frafjordheiane – slitasje og behov (upubl.)

Fylkesmannen i Rogaland, 2000: Bruk og ønsker blant hytteeiere i Øvstabødalen/Hunnedalen (upubl.)

Fylkesmannen i Rogaland, 2001: Forslag til verneplan for Frafjordheiane.

Grahn, Å., 1999: Recreational use of the Norwegian Backcountry. Masterstudie, Univ. i Stavanger, avd. Norsk hotellhøyskole

Johnsen, J. I., 2000: Moser notert og samlet i forbindelse med undersøkelser i Frafjordheiane, Gjesdal og Forsand kommune”, internt notat, 17 s.

Miljøverndepartementet 2003: Framlegg til vernevedtak, Kronprinsregentens resolusjon.

Nielsen, T. R., 2000: Verneplanarbeid i Frafjordheiane – kartlegging av insekter og andre invertebrater i verneplanområdet år 2000. 37 s.

NINA Temahefte 27, 2004: Villrein og samfunn. En veiledning for bevaring og bruk av Europas siste villreinfjell. Utarbeidet på oppdrag fra Direktoratet for naturforvaltning.

NINA rapport 48, 2005: Evaluering av fylkesmennenes overvåking i verneområder.

Norderhaug A., red., 1999: Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget

NOU 2001:15 Forsvarets områder for lavtflyging

Roalkvam, R. 1979: Rapport frå zoologiske inventeringer i Frafjordheiene.

Roalkvam, R. 1983: Samlet plan Rogaland 1983, Ornitologi. NOF-Rogaland.

Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder fylkeskommuner, 2006: Fylkesdelplan 2005. Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane.

Statskog SF, Naturforvalteren konsulentfirma, 2005: Innvirkning av ny turløype mellom Kjerag og Flørli på villrein. Rapport

Stavanger Turistforening 1987: Frafjordheiene. Nasjonalpark i Rogaland. Stavanger Turistforening Årbok 1986

St.meld. nr. 21 (2004-2005): Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.

Thomsen. H., 2002: Heiene mellom Gjesdal og Forsand. Turhåndbok for Frafjordheiene, Espedalsheiene, Brådlandsheiene og Hunnedalsheiene, Forsand og Gjesdal kommune.

Tysse, T., 2000: Rovfugl og lom i Frafjordheiene - en utredning i forbindelse med utarbeiding av verneplan.

Vedlegg 1

Forskrift om verneplan for Frafjordheiane, vedlegg 1, vern av Frafjordheiane Landskapsvernområde, Forsand, Gjesdal og Sirdal kommunar, Rogaland og Vest-Agder fylke.

Fastsett ved Kronprinsreg. res. 19. desember 2003 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5 og § 6, jf. § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra av Direktoratet for naturforvaltning 30. januar 2004 med heimel i kgl. res 3. juli 1987 nr. 572 om delegering av myndighet etter naturvernloven m.v. til Miljøverndepartementet for fredingsvedtak, og delegasjonsbrev fra Miljøverndepartementet 3. november 1988.

§ 1. Avgrensing

Landskapsvernområdet omfattar heile eller deler av følgjande gnr./bnr.:
 Forsand kommune: 22/1, 2, 3, 4, 5, 6, 15, 28, 32, 33, 34, 35, 36, 37, 38, 39, 40, 41, 42, 43, 44, 45, 46, 47, 48, 49, 50, 48/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 25, 49/1, 2, 5, 6, 7, 8, 12, 50/1, 51/1, 2, 3, 4, 5, 53/1, 2, 54/1, 3, 4, 6, 8, 12.
 Gjesdal kommune: 55/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 13, 15, 16, 18, 27, 28, 29, 52, 56/1, 2, 3, 57/1, 2, 58/1, 2, 59/1, 4, 5, 6, 9, 10, 60/1, 2, 3, 6, 61/1, 2, 3, 62/1, 2, 3, 4, 5, 63/1, 2, 3, 5, 64/1, 65/1, 2, 3, 6.
 Sirdal kommune: 10/1, 2, 3, 4, 6, 9, 11, 12, 13, 28, 29 og 11/1, 2, 3, 5, 6, 7 og 12/1, 2, 3.

Landskapsvernområdet dekker eit areal på 418,6 km². Grensene for landskapsvernområdet går fram av kart i målestokk 1:50.000, datert Miljøverndepartementet desember 2003.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskriftene m/kart skal oppbevarast i Forsand, Gjesdal og Sirdal kommunar, hjå Fylkesmannen i Rogaland og Fylkesmannen i Vest-Agder, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2. Føremål

- Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er:
- a ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
 - a ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.
 - a ta vare på ein særmerkt alm-/lindeskog med stor variasjon, storfrytledominert bjørkeskog, frisk fattigeng, nordvendte berg og urar, og elvar og flaumelvefar med oseaniske mosesamfunn i Røssdalen.

Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med litra grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3. Vernereglar

1. Inn grep i landskapet

1.1 Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller verka inn på landskapet sin art eller karakter.

Med dei unntak som følgjer av forskrifta pkt.. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som:

oppføring og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av røyr, luft- og jordleidningar, bygging av vegrar og rasteplassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, graving og påfylling av masse, bakkeplanering, sprenging og boring, bryting av steinar, mineral og fossil, fjerning av større steinar og blokker, bergverksdrift, vassdragsregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske middel, nydyrkning, planting, såing, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal ikkje skadast eller øydeleggjast. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i pkt.. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) landbruksdrift, som støling, stenging og opning av skårfeste, anlegg og vedlikehald av gjerde og kve og liknande som er naudsnyt for fedrifa.
- b) drift og vedlikehald av jordbruksareal.
- c) vedlikehald av bygningar.
- d) vedlikehald av vegrar og anlegg som ikkje fører til endra bruk eller funksjon.
- e) vedlikehald av merka stiar og løyper, skilt, bruer og klopper i samsvar med forvaltningsplan.
- t) vedlikehald av konsesjonsgjevne kraftanlegg, t.d. driftshytter, luker, dammar og radiolinkar. Bruk av motorisert transport skal skje etter lov om motorferdsel § 4e
- g) Drift og vedlikehald av eksisterande kraftleidning. Bruk av motorisert transport skal skje etter lov om motorferdsel § 4e.
- h) Naudsynt istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til vedkommande forvalningsstyresmakt
- i) Oppgradering/fornying av kraftleidning for heving av spenningsnivå og auking av linjetverrsnitt når dette ikkje krev vesentlege fysiske endringar i strid med verneføremålet.

1.3 Forvalningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar og anlegg i samsvar med forvaltningsplanen.
- b) Oppattbygging av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade, og oppattbygging av nedfalne bygningar som hører med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i området og som vil vere kulturhistorisk verdifulle.
- c) Bygging av bruer og klopper.
- d) Opparbeiding, merking og sikring av nye turstiar og løyper.
- e) Oppføring av bygningar som er naudsnyte i samband med landbruksdrift
- f) Tilbygg og andre mindre bygg til allmenne friluftsføremål, i samsvar med forvaltningsplanen.
- g) Oppgradering/fornying av kraftleidning som ikkje faller inn under pkt.. 1.2
- h) Framføring av nye kraftliner, kablar eller teleliner.

- i) Etablering av kystverket sine anlegg som er naudsynt for tryggleiken på sjøen.
- j) Etablering av fortøyingsfeste for fiskereiskap, båtar og havbruksanlegg, brygger og naust.

2. Plantelivet

- 2.1 Innføring av nye planteartar er forbode.
- 2.2 Beite er tillate. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift regulere beiting som skader landskapet sin art og karakter.
- 2.3 Uttak av ved og tømmer er tillate. Ved uttak av furutømmer skal ein ta vare på det naturlege skogsbiletet ved å nytte lukka hogstformer og plukkhogst i samråd med forvalningsstyremakta.
- 2.3 I Røssdalen er hogst av gran tillate. Anna hogst skal skje i medhald av plan som er godkjent av forvalningsstyremakta.

3. Dyrelivet

- 3.1 Nye dyrearter må ikkje innførast.
- 3.2 Jakt er tillate i samsvar med gjeldande lover og reglar.
- 3.3 Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova.

4. Ferdsel

- 4.1 All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyns til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.
- 4.2 Reglane i denne forskriften er ikkje til hinder for tradisjonell turverksem til fots i regi av turistforeiningar, skular, barnehagar, ideelle lag og foreiningar.
Anna organisert ferdsel og ferdselformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvalningsstyremakta, jf. forvaltningsplan.
- 4.3 Sykling og organisert bruk av hest er berre tillate på vegar og trasear som er fastlagt gjennom forvaltningsplan.
- 4.4 Innafor nærmere avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

5. Motorferdsel

- 5.1 Motorferdsel er forbode på land og i vatn.
Flyging lågare enn 300 m over bakken, og landing og start med motordrivne luftfarty er forbode. Henting og bringing av passasjerar og gods, der luftfartyet ikkje er nær bakken, er også forbode.
- 5.2 Forbodet i punkt 5.1 gjeld ikkje:

- a) ruteflyging, motorferdsel ved militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsel- og forvaltningsoppgåver. Øvingskjøring i samband med desse føremåla krev særskild løyve.
- b) motorisert ferdsel på frosen eller snødekt mark i samband med skogsdrift
- c) militær lågtflyging.

5.3 Forvalningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) bruk av båt med motor, motorkøyrety på frosen eller snødekt mark, eller luftfarty i samband med:

husdyrhald, storviltjakt, fiske

transport av varer inn til hytter og stølar

transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på hytter, klopper o.l.

kvisting av skiløyper

øvingsverksemd

kalking

- b) bruk av motorkøyrety på barmark i samband med:

frakt av sjuke, skadde eller daude husdyr

frakt av elgslakt.

skogsdrift

6. Ureining

6.1 Ureining og forsøpling er forbode, samt bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet.

6.2 Ikkje naudsynt støy er forbode. Det er ikkje tillate å bruke motor på modellfly, modellbåt o.l.

§ 4. Generelle dispensasjonsreglar

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå reglane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege granskinger og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege høve når dette ikkje er i strid med føremålet med vernet.

§ 5. Forvaltningsplan

Forvalningsstyresmakta kan setja i verk tiltak for å fremja føremålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærmare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon mv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 6. Forvalningsstyresmakt


Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvalningsstyresmakt for landskapsvernombordet.

§ 7. Rådgjevande utval

Det kan oppretta eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernombordet.

§ 8. Ikrafttreding

Denne forskriften trer i kraft straks.



Teiknforklaring

[Red square]	vernegrense
[Yellow dotted square]	1 Spesielt store verneverdier
[Orange dotted square]	3 Spesiell tilrettelegging og tiltak
[Green line]	2 Brukssone

Forvaltningssoner, Frafjordheiåne landskapsvernområde



